

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

Nr. 1 • 2019

24. årgang

nytt



God sommer!

Ordføreren har ordet

Ja, no er me komne til siste nummer av Lustranytt i denne kommunestyreperioden. Kommunestyreperioden 2015-2019 nærmar seg slutten, 9. september er det nytt kommuneval. Eg har sagt det før: Når ein ser fire år fram, er det nærast ei evigheit. Ser ein fire år bakover, er det som ei kort stund. Slik er det også denne gongen. Desse fire åra som ordførar har gått utruleg fort. Sjølv om det stundom har vore lange og travle dagar, både helg og kvardag, er det å vere ordførar i Luster utruleg kjekt og givande. Eg har likt jobben veldig godt. Spesielt vil eg trekke fram alle dei gode og trivelege møta med innbyggjarane. Sjølv om ein av og til får melding om eitt og anna som burde vore betre, er lustringane utruleg stolte av nærmiljøet, bygda si og kommunen sin.

Dei store reformene

Desse fire åra har på mange måtar vore prega av dei store nasjonale reformene. Regionreform, kommunereform, politi og NAV-reform for å nemne nokre få. Sogn og Fjordane fylke har opphøyr, no er me det nye Vestland. Nabokommunar vert samanslegne og nye kjem til. Lensmannen vår vart sentralisert til ny driftseining i Sogndal, no er det NAV-kontora som står for tur. Alt dette vert gjort for «vårt eige beste», det skal bli betre robuste tenester, seier Staten. Dessverre er det slik at mange innbyggjarar opplever det motsette. Det vert større avstandar, reduserte tenestetilbod, gode offentlege arbeidsplassar vert flytta inn til store regionsentra eller byane. Heile det offentlege «apparatet» er i endring, noko er truleg naudsynt og bra, men det er eit faktum at ein ser ei sterk sentralisering av makt og tenester i Noreg no, som dessverre er på bekostning av distrikta.

Fin utvikling

Eg vil likevel hevde at Luster kommune har hatt ei fin utvikling også denne perioden. Folketalsauken har vore god. Sjølv om auken har flata ut noko siste året, har Luster lege mellom dei fem beste kommunane i Sogn og Fjordane i tal nye innbyggjarar. Ved 2. kvartalsmålinga låg me på topp. Både reiselivet og næringslivet går veldig bra. Turistnæringa i kommunen har nærast hatt rekordar på rekke og rad. Det skapar stor optimisme og aktivitet. Like eins ser me at lustrabedriftene går godt, det er utruleg viktig både for å skapa verdiar, men ikkje minst for å skape arbeidsplassar. Arbeidsplassar er ein av dei viktigaste faktorane for å få tilflytting.

Dugnad og store arrangement

Eit anna område som eg og vil trekke fram i denne perioden er alt det flotte frivillige dugnadsarbeidet me ser kringom i kommunen vår. Eg trur eg kan seie at lustringane kan reise på eit arrangement nesten kvar helg heile året i Luster. Denne sommaren må vel nesten



seiast å vere «all time high», med flotte arrangement innan idrett, kunst, kultur, musikk, historie og gode mat og naturopplevingar. Spesielt må eg trekke fram opninga av huset til Ludwig Wittgenstein, markeringa av 200-års jubileet til starten på Nasjonalromantikken i Kroken, 40-års jubileet til Urnes Stavkyrkje som innskrevet på UNESCO si verdsarvliste og ikkje minst nye hytta på Tungestølen som skal opnast av Dronning Sonja 6. september. Alle desse og mykje meir er arrangement som vert drivne fram av eldsjeler og dugnadsarbeid, som skapar noko flott for oss lustringar og alle som kjem og besøker kommunen vår.

Me får ein flott og aktiv sommar og haust, me har arrangement som vil setje Luster kommune enno sterkare på det nasjonale og internasjonale natur- og kultur-«kartet». Folk kjem frå heile verda for å oppleve dette, det skal me vere stolte over!

God sommar alle lustringar!

Beste helsing

Ivar Kvalen

Rådmannen har ordet

Kommuneplanarbeidet

I kvar valperiode skal kommunestyret handsame både plan for overordna samfunnsutvikling og arealplan. Kommuneplanarbeidet handlar om heilskapen i kommunen og 10-12 årsperspektivet framover. Eit viktig, nødvendig og pliktig arbeid. Arbeidet er lovregulert i plan og bygningslova og gir både juridiske bindingar og sterke føringar for samfunnsutvikling og arealutnytting. Det er ikkje alltid like lett å skape medverknad i dette arbeidet for heilskap og framtid. Enkeltsakene og det som skal skje neste dag skapar ofte større interesse og engasjement

Noverande kommunestyre kom så vidt i mål med sitt kommuneplanarbeid, med vedtak no i juni, på kommunen sin kommuneplan areal.

Visjon: «Trivsel og utvikling i Luster»

Det har vore omfattande og bra prosessar med brei og god deltaking. Hausten 2017 var det ein omfattande serie med bygdemøte for å få innspel til kommuneplansakene og andre saker. I desembermøtet -17 i kommunestyret vart kommuneplanen sin samfunnsdel revidert og vedteken. Visjonen «trivsel og utvikling i Luster» vart forankra.

Handlingsplan med 3xB: Bu, bedrifter, besøkande. Handlingsplan med ei rekkje tiltak med mål om at Luster skal vere ein god kommune å bu i, ein god stad for bedrifter og ein attraktiv kommune å besøke vart vedteken.

Korleis skapar me eit best mogleg tilbod og samfunn for innbyggjarar, næringsliv og besøkande? Det vart med utgangspunkt i tidlegare kommuneplan og via innspel i planprosessen peika ut eit sett med prioriterte satsingsområde:

- Bumiljø, fleire folk, barn og unge, kultur og fritid, folkehelse, helse og omsorg, informasjon, regionalt samarbeid, beredskap.



Rådmann Jarle Skartun oppsummerer kommunen sitt arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

- Generell næringsverksemd, landbruk, infrastruktur
- Natur, kultur og attraksjonar.

Kopla til desse satsingsområda er det utforma ein handlingsplan. Handlingsplanen er oppbygd med hovudmål, delmål og tiltak. Planen finn de på heimesida.

Arealplanen drog ut i tid på grunn av motsegner:

Vern av strandsona, vern av dyrka mark og strengare fare- og miljøvurdering.

I 2018 og no ut i 2019 har det vore arbeidd vidare med arealplanen. Arealdelen legg viktige føringar for arealutviklinga i Luster kommune dei neste åra. Som for samfunnsdelen så byggjer planen på tidlegare vedteken plan. Vedtak som er gjort i tidlegare planhandsaming er i hovudsak vidareført. Planen skal byggja på reell interesse, realisme og behov.

I framlegget til arealplan har me no handsama innspel som kommunen har motteke frå privatpersonar, verksemdar, lag og organisasjonar, i tillegg til kommunen sine eigne innspel. Ved handsaming av planprogrammet vart det gjort ei utsiling av tiltak som ikkje var aktuelle. I allereie regulerte område er det reguleringsendring som er verktøyet for å justere. I tillegg kjem at faresoneområda

i kommunen, skred og flaum eksempelvis, er vortne utvida og det må me ta omsyn til i den vidare planlegginga. Konsekvensar av klimaendringar og ekstremver må me søke å førebyggje i planarbeidet.

Tiltak som er aktuelle til å ta inn i kommuneplanen skal konsekvensutgreiast, verknader for ulike område innan miljø og samfunn skal vurderast. Risiko og sårbarheitsanalyse for kvart område er utarbeidd etter ein fastsett metodikk slik at vesentlege omsyn kjem fram. Fleire ulike område for bustadbygging, hyttebygging, næring m.v er utgreidd og vurdert.


Kommuneplannemnda, dvs formannskapet, vurderte og tilpassa planen og la den ut på høyring. Høyringsinnspela frå dei regionale styresmaktene varsla motsegn, dvs at dei i utgangspunktet stoppa planen for nærare vurdering og drøfting. Vern av strandsoneareal, vern av dyrka mark og fare- og miljøvurdering var argument som vart nytta.

Etter rådslag mellom formannskapet og administrasjonen vart det så utforma eit nytt høyringsframlegg som tok omsyn til dei tyngste innvendingane, med mål om å unngå motsegn mot eigengodkjenning. Det arbeidet har lukkast.

Framlegget har vore på høyring, administrasjonen har oppsummert, formannskapet har tilrådd og kommunestyret har vedteke planen.

Kommuneplanen sin arealdel fastset framtidig arealbruk og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak. Heilt vesentleg er og at tiltak som er på plass i kommuneplanen har ein raskare og enklare prosess i samband med vidare planlegging og gjennomføring.

Nytt kommunestyre vil så evaluere og vurdere før ein går inn i prosessane for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealplan i neste kommunestyreperiode.



Jarle Skartun
rådmann

Luster kommune sin

I nominasjonen til kulturprisen for 2018 heiter det m.a.:

Interessa for song og musikk vart aukande etter kvart som denne kroppen voks til. Men alvor vart det liksom ikkje før med fagleg oppfølging og instruksjonar frå den første læremeisteren på gitar og song i kulturskulen. Det vart etter kvart også sceneframføringar - sjølv om «bandet» ikkje hadde noko namn. Elev i kulturskulen var han allereie som 11 åring, og det forholdet skulle vare i 14 år.

Den opplæringa og undervisninga som vart gitt i kulturskulen har vore avgjerande for den utviklinga som kandidaten vår har vore i gjennom. Ei særleg stor rolle spela distriktsmusikaren Bjørn Gisle Seter, frå kandidaten vår var 15 år gammal og i heile 8 år framover.

I denne perioden fekk kandidaten også viktig erfaring og korreksjonar gjennom samarbeidet i ungdomskoret Røyst, leia av den same Seter.

Men det er gjennom øving og samspel med andre gode musikk-krefter at dei mest talentfulle føler at det «går framover», og her har kandidaten mange å takke for godt samarbeid og inspirasjon. Særleg vil Leon Lunde, Inge Ronny Kvåle og Bjørn Tore Årøy stå fram som gode eksempel på dette samspelet.

Kulturpriskandidaten har medverka som solist på mange ulike arrangement. Frå 2011 der kandidaten deltok i MGP lokal (melodi Grand Prix) og kom på 2. plass i Sogn og Fjordane sin finale i Florø, og på Sogndal kulturhus sin 20-års jubileums-konsert. Dei siste åra har han mellom anna medverka som solist saman med symfoniorkesteret Ung Symfoni på deira julekonsert-produksjon i 2012, og i fleire år vore ein av songarane i julekonsert-produksjonen «Desembernatt», saman med profilerte artistar som Tone Damli Aaberge, Olav Stedje og Sigrid Moldestad.

Det å stille opp på arrangement og å få opptre for eit interessert publikum har alltid vore «draumen» med karrieren. I desse dagar gjennomfører kandidaten heile 14 julekonsertar rundt om i heile fylket. Her og varierer samarbeidet musikalsk frå artist-samarbeidet Julesong til Indre Hafslø Spelemannslag.

Studioarbeid har det også vorte i 2018, med ein CD produsert med gruppa «Folk Flest» og ein påfylgjande turne.

Den musikksjangeren kandidaten vår likar best å opptre med ligg i gata «klassisk» - ein song-sjanger i den forstand at kjende balladar også etter ei tid vert klassiske...

Kandidaten vår har over

kulturpris for 2018



Einar Bolstad vart tildelt kulturprisen for 2018.

tid vorte spådd ei karriere langt utover den lokale marknaden. Men som han sjølv ved fleire høve og i intervju har lagt vekt på så er dette først og fremst ein kjær hobby som har gitt mange gode opplevingar. Og for å bruke kandidaten sine egne ord... «så er den beste opplevinga å ha eit publikum som likar det som blir servert ...». Planen på kort sikt er i alle høve å få fortsetja arbeidet og hobbien som i dag.

Kandidaten vår fekk også Draumestipendet i 2014 - eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk kulturskuleråd og Norsk Tipping. Gjennom denne stipendutdelinga er eitt av måla å synleggjere kommunen sitt arbeid for barn og unge, og at stipendet vert ein inspirasjon og eit bidrag til å oppfylle mange unge kulturutøvarar sine draumar. Til dette hadde kandidaten vår fylgjande kommentar: Min

draum med songen er alltid å bli betre.

Kulturprisen skal altså ikkje reknast som tilskot til planlagde oppgåver, men som ei påskjøning. Og det er med bakgrunn i dette at Luster kommune i år har vedteke å gje kulturprisen for 2018 til Einar Bolstad.

Luster kommune har sidan 1985 delt ut Kulturpris

Bakgrunnen for den kommunale kulturprisen har vore, og er framleis, å gje betre vilkår for kulturarbeidarar i kommunen. Men og for å vera til inspirasjon for alle som driv aktivt kulturarbeid. Kulturprisen skal særleg vera ein honnør for oppofrande kulturarbeid. Kulturprisen skal ikkje reknast som tilskot til planlagde oppgåver, men som ei påskjøning.

Kulturprisen kan delast ut til einskildpersonar, organisasjonar eller institusjonar som har utmerka seg i særleg positiv kulturell samanheng. Kulturprisen vil bli delt ut kvart år, så sant det finst høvelege kandidatar.

Valet 2019



Valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet er måndag den 9. september.

Stemmerett

Du har stemmerett ved kommunestyre- og fylkestingsvalet om du oppfyller eitt av desse krava:

- Du er norsk statsborgar og har fylt 18 år innan utgangen av 2019 og er, eller har vore, registrert busett i Noreg.
- Du er statsborgar i andre nordiske land (det vil seie Danmark, Island, Finland eller Sverige) som har fylt 18 år innan utgangen av valåret, og som har vore registrert busett i Noreg seinast 30. juni 2019.
- Du er annan utanlandsk statsborgar som har fylt 18 år innan utgangen av 2019, og har vore registrert busett i Noreg samanhengande dei tre siste åra før valdagen. I

dette tilfellet er det eit krav at butida har vore samanhengande.

Valkort

Alle som står i manntalet får tilsendt valkort. Her vil det vere informasjon om opningstid på vallokalet. Dersom du vil førehandsstemme, tek du med valkortet ditt. Servicetorget kan skrive ut nytt valkort om du skulle ha forlagt det kortet du får i posten.

Legitimasjon

Vallova seier at ein veljar som er ukjend for stemmemottakar skal legitimere seg. Ta derfor med legitimasjon når du skal stemme. Legitimasjon kan vere pass, førarkort eller bankkort med bilete.

Står du i manntalet?

Manntalet er oversikt over alle med stemmerett i ein kommune. For å kunne stemme til kommunestyrevalet i Luster og fylkestingsvalet i Vestland, må

du stå innført i manntalet i Luster. Du blir manntalsførd i den kommunen og den valkrinsen som du ifølgje Folkeregisteret er busett i den 30. juni 2019. Frå ca 20. juli kan du sjekke om du står i manntalet.

Hovudmanntalet vil bli lagt ut på biblioteket i Gaupne og på servicetorget på rådhuset. Krinsmanntala vil bli lagt ut slik: Coop Nærkjøp Fortun, Coop Nærkjøp Skjolden, Joker Luster, Ornes hos Urnes gard v/ Odd John Bugge, Indre Hafslø oppvekstsenter avd. barnehage, Spar Hafslø, Bryggehuset Solvorn, Joker i Jostedal, Matkroken Veitastrond.

Du kan også ringe servicetorget, 57 68 55 00 og spørje om du står i manntalet.

Klage på manntalet

Dersom du meiner at du sjølv eller nokon annan urett er blitt innført eller utelatt frå manntalet i kommunen, kan du krevje at feilen blir retta opp.

Nedgang i folketallet

Folketal	pr. 01/01-00	5003	Folketal	pr. 01/01-16	5093
Folketal	pr. 01/01-01	4954	Folketal	pr. 01/04-16	5098
Folketal	pr. 01/01-02	4968	Folketal	pr. 01/07-16	5120
Folketal	pr. 01/01-03	4924	Folketal	pr. 01/01-17	5151
Folketal	pr. 01/01-04	4926	Folketal	pr. 01/04-17	5167
Folketal	pr. 01/01-05	4927	Folketal	pr. 01/07-17	5184
Folketal	pr. 01/01-06	4889	Folketal	pr. 01/01-18	5223
Folketal	pr. 01/01-07	4884	Folketal	pr. 01/04-18	5240
Folketal	pr. 01/01-08	4870	Folketal	pr. 01/07-18	5237
Folketal	pr. 01/01-09	4879	Folketal	pr. 01/10-18	5207
Folketal	pr. 01/01-10	4945	Folketal	pr. 01/01-19	5195
Folketal	pr. 01/01-11	5023	Folketal	pr. 01/04-19	5187
Folketal	pr. 01/01-12	5026			
Folketal	pr. 01/01-13	5041			
Folketal	pr. 01/01-14	5089			
Folketal	pr. 01/01-15	5118			

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalsvis befolkningsstatistikk.

Kravet skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast til: Luster kommune, valstyret, Rådhusvegen 1, 6868 Gaupne.

Informasjon:

På www.luster.kommune.no vil det bli lagt ut relevant valinformasjon fram mot valdagen. Du finn og mykje god sentral informasjon på www.valg.no

Fylkestingsvalet Vestland

På valdagen 9. september kan du stemme både til fylkestinget og kommunestyret.

I det nye Vestland fylkesting skal det veljast 65 representantar. I dag har Hordaland 57 og Sogn og Fjordane 31 representantar. Det betyr at det nye fylket får 23 representantar færre enn dei to fylka har til saman i dag.

Til fylkestingsvalet kan du stemme på desse partia:

Kristeleg Folkeparti
Senterpartiet
Sosialistisk Venstreparti
Raudt
Piratpartiet
Pensjonistpartiet
Arbeidarpartiet
Framstegspartiet
Miljøpartiet Dei Grøne
Partiet De Kristne
Høgre
Venstre
Helsepartiet
Norges Kommunistiske Parti
Folkeaksjonen Nei til mer bomber
Demokratene
Liberalistene

Du kan gje personstemme ved fylkestingsvalet

Gje ein eller fleire kandidatar ei personstemme ved å setje X i ruta framfor namnet på kandidaten. Dette er den einaste godkjende endringa du kan gjere på fylkestingslista.

Førehandsstemming

Det er høve til å førehandsstemme i servicetorget på rådhuset i Gaupne i tida 12. august til 6. september.

Opningstid for ordinær førehandsstemming på rådhuset i Gaupne:

12. august – 4. september, måndag, tysdag, onsdag, fredag kl. 09.00 – 15.00

Torsdag kl. 08.00 – 15.30.

Utvida opningstid: torsdag 5. september kl. 08.00 – 18.00

Utvida opningstid: fredag 6. september kl. 08.00 – 20.00.

Nytt tilbod: Opningstid førehandsstemming Pyramiden v/biblioteket:

Laurdag 31. august kl. 10.00 – 16.00.

Du kan førehandsstemme her i kommunen hjå oss i servicetorget på rådhuset eller på Pyramiden. Om det passar betre for deg, kan du førehandsstemme i ein anna kommune. Om du eksempelvis studerer i Bergen, kan du førehandsstemme der. Då vil Bergen kommune sende stemma di til Luster. Ver oppmerksom på at andre kommunar ikkje har vallister frå Luster. Då kan du berre stemme på parti, og får ikkje høve til å gje personstemmer.

Om du førehandsstemmer i eigen kommune, er prosessen om lag som på valdagen. Du blir kryssa i manntalet og får legge stemma rett i urna. Om du stemmer i anna kommune, legg du stemma i 2 konvoluttar og den blir sendt til kommunen der du er manntalsførd.

Ta kontakt på rådhuset i den kommunen du vil førehandsstemme i.

Tidlegstemming:

Har du problem med å førehandsstemme etter 12. august, får du høve til å stemme "tidlegstemme" frå 1. juli til 9. august. Ta kontakt på servicetorget.

På institusjonar vil det bli eiga førehandsstemming. Dei som bur på institusjon treng ikkje ta med legitimasjon. Alle veljarar har høve til å førehandsstemme på institusjon, både bebuarar, tilsette og andre veljarar.

Gaupne omsorgssenter:

Tysdag 3. september kl. 11.00 – 14.00

Luster omsorgssenter:

Onsdag 4. september kl. 10.00 – 12.00

Hafslo omsorgssenter:

Torsdag 5. september kl. 11.00 – 13.00.

KOMMUNEVALET I LUSTER 2019

Vallister kommunestyrevalet i Luster


Det skal veljast 25 representantar til kommunestyret i Luster. 6 parti stiller til val. Kandidaten som er ført opp med utheva skrift på stemmesetelen, skal ha eit stemmetillegg tilsvarende 25% av tal stemmesetlar som denne lista får.

Du kan gje personstemmer ved kommunestyrevalet:

1. Gje ein eller fleire kandidatar ei personstemme ved å setje X i ruta framfor namnet på kandidaten.
2. Gje personstemme til inntil 6 kandidatar frå andre lister. Ver merksam på at dersom du fører opp ein kandidat frå ei anna liste, tapar den lista du brukar ei listestemme, medan lista til kandidaten du fører opp vinn ei listestemme.

Konstituerande kommunestyremøte

Det nye kommunestyret vil ha konstituerande møte den 17. oktober 2019. Då vel dei mellom anna formannskap og ordførar.



Røystesetel



Elin Hauge,
1. kandidat



Morten Johan Hovland Vigdal,
2. kandidat



Odd Atle Stegegjerdet,
3. kandidat

Arbeidarpartiet

- | | |
|---|--|
| 1 Elin Hauge, 1976, Skjolden | 16 Kåre Hønsi, 1971, Gaupne |
| 2 Morten Johan Hovland Vigdal, 1973, Jostedal | 17 Bjørg Åsarmoen, 1959, Hafslø |
| 3 Odd Atle Stegegjerdet, 1958, Gaupne | 18 Therese Hilleren, 1978, Veitastrand |
| 4 Vivian Kvam, 1980, Hafslø | 19 Jonny Gjerde, 1965, Skjolden |
| 5 Lars Jørgen Kjærvik, 1995, Gaupne | 20 Christin Sønnesyn, 1976, Gaupne |
| 6 Eli Merete Hansen Moen, 1973, Skjolden | 21 Bente Karin Myklebust, 1972, Jostedal |
| 7 Øyvind Åsarmoen Møller, 1989, Hafslø | 22 Jan Ølnes, 1979, Hafslø |
| 8 Svein Tore Heltne, 1975, Luster | 23 Astrid Martinsen, 1945, Luster |
| 9 Anette Stegegjerdet Norberg, 1986, Gaupne | 24 Daniel Fossheim, 1991, Gaupne |
| 10 Sigfred Haugen, 1947, Solvorn | 25 Lillian Bolstad, 1971, Skjolden |
| 11 Bjørn Andre Skjæret, 1973, Jostedal | 26 Palmar Kjærvik, 1954, Gaupne |
| 12 May Iren Lund, 1960, Gaupne | 27 Laila Irene Røneid, 1967, Gaupne |
| 13 Eirik Hoem, 1979, Hafslø | 28 Aud Jorunn Hellen, 1969, Gaupne |
| 14 Anne Marie Bolstad, 1978, Skjolden | 29 Anne Britt Fredheim, 1981, Hafslø |
| 15 Gunn Beate Thorsnes Lefdal, 1968, Gaupne | 30 Johannes Fredheim Finstad, 1992, Hafslø |
| | 31 Geir Arne Kvam, 1960, Hafslø |

KOMMUNEVALET I LUSTER 2019



*Erns Veum,
1. kandidat*



*Mona Bolstad Pedersen,
2. kandidat*



*Arne J. Hauge,
3. kandidat*

Framstegspartiet

- 1 Ernst Veum, 1941, Hafslø
- 2 Mona Bolstad Pedersen, 1955, Skjolden
- 3 Arne J Hauge, 1957, Skjolden
- 4 Erling Schönning Vigdal, 1974, Gaupne
- 5 Janne Cathrine Sætherbø, 1975, Luster
- 6 Olav Normann Beheim, 1943, Hafslø

- 7 Asle Hauge, 1997, Skjolden
- 8 Turid Øiene, 1964, Skjolden
- 9 Paul Morten Bjørk, 1967, Gaupne
- 10 Anja Skagen, 1964, Skjolden
- 11 Nils Arne Skjerven, 1964, Hafslø
- 12 Norvald Hovland, 1936, Skjolden



*Geir Arne Sandvik,
1. kandidat*



*Ingar Nordvik,
2. kandidat*



*Britt Dagrunn Brugrand,
3. kandidat*

Høgre

- 1 Geir Arve Sandvik, 1966, Gaupne
- 2 Ingar Norberg, 1973, Jostedal
- 3 Britt Dagrunn Brugrand, 1964, Hafslø
- 4 Bård Flattun Lilleeng, 1973, Gaupne
- 5 Per Jarle Molland, 1951, Marifjøra
- 6 Erling Kåsine, 1944, Gaupne
- 7 Elisabeth Stokkenes, 1992, Skjolden
- 8 Tomas Kjørtaug, 1983, Hafslø
- 9 Øyvind Tørvi, 1984, Luster
- 10 Frode Schanke Eikum, 1972, Hafslø
- 11 Toril Partenyi, 1967, Hafslø
- 12 Hans Olav Sandvik, 1964, Gaupne
- 13 Adrian Vigdal, 1992, Gaupne

- 14 Hans Gulleik Grøndal Fuhr, 1963, Gaupne
- 15 John Børre Veum, 1972, Gaupne
- 16 John Geir Sperle, 1979, Jostedal
- 17 Johannes Flohaug, 1978, Gaupne
- 18 Jorid Hauge Olsen, 1946, Luster
- 19 Kai Kvalsøren, 1966, Høyheimsvik
- 20 Terje Bakke Nævdal, 1970, Gaupne
- 21 Arne Aasen Hauge, 1949, Jostedal
- 22 Jakob Eikenes, 1962, Luster
- 23 Sverre-Rune Gangdal, 1972, Gaupne
- 24 Jonny Øvrebø, 1972, Gaupne
- 25 Dag Lomheim, 1970, Hafslø
- 26 Tormod Kvalsvik, 1971, Gaupne
- 27 Trine Eide Sandvik, 1971, Gaupne

KOMMUNEVALET I LUSTER 2019



Beate Bondevik Lie
1. kandidat



Oddny Urnes,
2. kandidat



Thorleiv Hurthi,
3. kandidat

Kristeleg Folkeparti

- 1 Beate Bondevik Lie, 1978, Hafslo
- 2 Oddny Urnes, 1978, Fortun
- 3 Thorleiv Hurthi, 1976, Marifjøra
- 4 John Oddvar Vinda, 1961, Gaupne
- 5 Olaug Høyheim, 1956, Høyheimsvik
- 6 Karin Johansen, 1957, Hafslo
- 7 Ellen Pauline Borch Veum, 1960, Gaupne
- 8 Jan Henry Tverberg, 1967, Luster
- 9 Norvald Sjøthun, 1943, Hafslo
- 10 Kjell Olav Bondevik, 1984, Høyheimsvik
- 11 Randi Margrethe Nes, 1948, Veitastrond
- 12 Jakob Trygve Øygard, 1943, Fortun

- 13 Jorunn Gunnes Sie, 1968, Hafslo
- 14 Erik Skjerdal, 1974, Høyheimsvik
- 15 Hermund Alme, 1965, Hafslo
- 16 Signy Haldis Skagen, 1950, Fortun
- 17 Åse Edith Snøtun, 1951, Gaupne
- 18 Bjørn Kalstad, 1981, Høyheimsvik
- 19 Charles Brennesvik, 1958, Hafslo
- 20 Johanne Malene Tverberg, 1973, Marifjøra
- 21 Willy Vigdal, 1966, Gaupne
- 22 Marianne Engjom, 1961, Solvorn
- 23 Jan Idar Øygard, 1971, Hafslo
- 24 Margot Johanne Neset, 1951, Gaupne
- 25 Konrad Molland, 1953, Veitastrond



Jon Ove Lomheim,
1. kandidat



Kjetil Melheim,
2. kandidat



Sandhya Karlsen Holene,
3. kandidat

KOMMUNEVALET I LUSTER 2019



*Ivar Kvalen,
1. kandidat*



*Marit Aakre Tennø,
2. kandidat*



*Per Steinar Sviggum,
3. kandidat*

Senterpartiet

- | | |
|---|--|
| 1 Ivar Kvalen, 1972, Hafslo | 16 Charlotte Alme Bringe, 1978, Luster |
| 2 Marit Aakre Tennø, 1977, Jostedal | 17 Olav Høyheim Einan, 1989, Hafslo |
| 3 Per Steinar Sviggum, 1960, Gaupne | 18 Hilde Skogstad Øvreås, 1967, Skjolden |
| 4 Marianne Bugge, 1973, Ornes | 19 Trygve Lerum, 1961, Sørheim |
| 5 Knut Hauge, 1984, Marifjøra | 20 Per Arne Myklemyr, 1981, Jostedal |
| 6 Anja Irene Hilleren-Fåberg, 1990, Veitastrond | 21 Trine Neset Skjerdal, 1986, Nes |
| 7 Grethe Kristin Leirdal, 1984, Gaupne | 22 Thomas Skjerven, 1955, Hafslo |
| 8 Oddmund Løkensgard Hoel, 1968, Jostedal | 23 Anne Grethe Leirdal, 1980, Nes |
| 9 Ann Kristin Sperle, 1980, Nes | 24 Gøril Urdahl, 1981, Luster |
| 10 Andreas Wollnick Wiese, 1976, Skjolden | 25 Per Tore Molland, 1968, Marifjøra |
| 11 Tom Idar Kvam, 1973, Hafslo | 26 Elin Anette Hillestad, 1973, Hafslo |
| 12 Ole Martin Bakken, 1957, Skjolden | 27 Anne Lise Haukadal, 1960, Kroken |
| 13 Maria Søhoel, 1995, Solvorn | 28 Emma Nyløy, 1996, Fortun |
| 14 Jørgen Lomheim Tang, 2001, Hafslo | 29 Kine Gjertrud Svori, 1996, Jostedal |
| 15 Johannes Hauge, 1976, Skjolden | 30 Per Høyheim, 1969, Høyheimsvik |
| | 31 Per Birger Lomheim, 1942, Hafslo |

Venstre

- | | |
|---|---|
| 1 Jon Ove Lomheim, 1953, Hafslo | 12 Eirik Kvalen, 1954, Gaupne |
| 2 Kjetil Melheim, 1979, Lambhaug | 13 Gudny Alme, 1950, Luster |
| 3 Sandhya Karlsen Holene, 1984, Hafslo | 14 Olav Krokilgja Stølen, 1931, Jostedal |
| 4 Einvald Søreide Erichsen, 1977, Høyheimsvik | 15 Monika Alvestad Reime, 1977, Hafslo |
| 5 Jannike Skår, 1970, Solvorn | 16 Inga Reidun Sjøthun, 1973, Luster |
| 6 Abdirahman Abdullahi Dahir, 1977, Gaupne | 17 Vidar Aasen, 1979, Jostedal |
| 7 Steinar Bruheim, 1955, Jostedal | 18 Kari Ida Lavoll, 1953, Luster |
| 8 Øyvind Hatlevoll, 1957, Ornes | 19 Øyvind Kvalen, 1955, Ornes |
| 9 Liv Norunn Hunshamar, 1961, Høyheimsvik | 20 Mary Aasen, 1952, Jostedal |
| 10 Judith Gausdal, 1958, Hafslo | 21 Knut Røneid, 1965, Gaupne |
| 11 Petter Lie, 1975, Jostedal | 22 Tordis Skjerdal Rauboti, 1954, Solvorn |

KOMMUNEVALET I LUSTER 2019

Opningstider på valdagen

På valdagen 9. september har me 10 opne vallokale i Luster kommune. Du kan stemme i den valkrinsen du er mann-
talsførd, eller i ein annan krins i kommunen. Eksempelvis kan ein person som bur i Fortun stemme i Gaupne. Du kan ikkje stemme i andre kommunar på valdagen.

Vallokale	Opningstid
Fortun grendahus	kl 12.00 - 18.00
Fjordstova	kl 12.00 - 18.00
Luster oppvekstsenter - samfunnshuset	kl 12.00 - 18.00
Rådhuset, Gaupne	kl 09.00 - 20.00
Ornes bedehus	kl 12.00 - 17.00
Indre Hafslo oppvekstsenter	kl 12.00 - 18.00
Veitastrond skule	kl 12.00 - 18.00
Hafslo samfunnshus	kl 09.00 - 19.00
Solvorn oppvekstsenter	kl 12.00 - 18.00
Jostedal samfunnshus	kl 12.00 - 18.00

Stemme heime?

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan stemme der det blir halde førehandsstemming, kan etter søknad til valstyret førehandsstemme der dei held til.

Søknadsfrist er torsdag 5. september.


Du treng ikkje søkje skriftleg.

Kontakt Luster kommune, Rådhusvegen 1,
6868 Gaupne.

Tlf. 57 68 55 00.

Me vil då gjere avtale slik at du får besøk av to valmedarbeidarar, og får stemme heime.

Har du helsa



Kommune-Kari

Kven er Kommune-Kari?

Luster kommune sin chatbot eller -robot (Chat = nettpat og -bot som i robot)

Eigentleg er ho eit dataprogram som hjelper deg å finna informasjon om kommunen sine tenester.

Kari er «tilsett» i over 70 kommunar og betener til saman 1,3 mill innbyggjarar

Kari finn du på Luster kommune si heimeside, www.luster.kommune.no (det hender ho blir borte, men ho kjem snart att).

Kva gjer Kari?

Du trykker på Kari og skriv spørsmålet ditt.

Ho hentar informasjonen du treng om tenesta du spør om – generelt om kven som har rett på den, osv, og kommunen sin informasjon på heimesida (reglar, prisar, søknadsskjema). Ho hjelper deg heile døgnet, 7 dagar i veka.

Du kan spørje Kari om kva du vil, men ho svarar helst på kom-

på Kari?

munale tenester. Gjeld det ikkje ei kommunal teneste kan ho kanskje hjelpe deg vidare med kven du skal kontakte.

Korleis finn Kari svar på spørsmålet mitt?

Kari er «opplært» til å forstå ulike nemningar på same teneste, i form av ulike søkeord (du skal få same svar anten du

skriv søppel, renovasjon eller bos). Ho skal også forstå dialektord, og ord som er stava feil. Kari leitar etter ord i spørsmålet ditt som er likt eit søkeord i ordlista hennar, og hentar informasjon om den tenesta som søkeordet er knytt til. Viss ho ikkje er sikker på kva du meiner, gir ho deg alternativ.



Kvifor skjønar ikkje Kari spørsmålet mitt?

Kommunen sine tenester er mange og ulike, og Kari skal skjøne fleire måtar å omtale kvar av dei på. Dette blir veldig mange ord som Kari må ha i sitt register for å få rett treff, og mange svaralternativ. Kari er ikkje ein søkemotor og kan ikkje leite på heimesida eller andre stader, ho må ha lenke til svara ho hentar. Nokon gonger skjønar ho ikkje, eller ho svarar på noko heilt anna, sjølv om du spør om noko som står på heimesida. Då er det berre å spørje ein gong til, med andre/færre ord.

Kvifor snakkar Kari bokmål?

Kari skal snakke nynorsk, men svara hennar må omsetjast frå bokmål, og det finst svar-«bo-


bler» som ikkje er omsette enno. Leverandøren må ordne dette.

Kva kan ikkje Kari svare på? Ho har ikkje tilgang på informasjon om når du får svar på byggesøknaden din eller om når kommunen er ferdig med gravearbeidet sitt. Ho kjenner ikkje til stadnamn og lokale omgrep viss ikkje dette er ord som ho har i ordlista si. Ei søkbar telefonliste er under utarbeiding.

Blir Kari flinkare etter kvart?

Når du spør Kari og gir ho tilbakemelding på svaret med tommel opp eller ned (du kan også skrive kommentar), lagrar ho den informasjonen og kan svare betre neste gong. Når me ser noko ho burde ha svara betre på, melder me dette til leverandøren. Slik lærer Kari noko nytt kvar dag.

Og hugs:





8. mars arrangerte Luster kombinert fagdag og regionalt nettverk for norsklærarar 3.-7. trinn. Tema var skriveprogresjon på barnesteget og skriveprøva. Heile 36 deltakarar deltok, 19 av dei lærarar frå nabokommunane. Ressurslærar i språkkommune-prosjektet, Dagfinn Hovland, takkar her kurshaldarane frå Skrivesenteret f.v. Anne Holten Kvistad og Stine Aarones Angvik.

Språkplan for lustrabarnehagen og lustraskulen frå hausten 2019

Alle barnehagane og skulane i Luster deltok i 2017 og 2018 i den nasjonale satsinga Språkkommune der hovudmålet var kompetanseutvikling for tilsette når det gjeld språkutvikling, lesing og skrivning.

Eit konkret resultat av prosjektet er Kommunal språkplan for barnehagar og skular i Luster som er klar til barnehage- og skulestart hausten 2019.

Språkplanen erstattar den tidlegare kommunale leseplanen som vart innført i 2014. Føremålet med språkplanen er at planen skal gje ei retning for språkopplæringa i barnehage og skule, at han skal vera eit

verktøy for tilsette og bidra til å kvalitetssikra språk-, lese- og skriveopplæringa i barnehagen og grunnskulen i Luster.

Det overordna målet er at alle barn og unge i Luster gjennom eit heilskapleg og samanhengande opplæringsløp frå barnehage og i grunnskulen skal utvikla god språkleg kompetanse som gjer dei rusta til å meistra kvardagen i barnehage- og skulealder og til å delta i yrkes- og samfunnsleving som aktive borgarar når dei vert vaksne.

Dei gjennomgåande momenta i språkplanen er: den gode le-saren, den gode skrivaren, gode munnlege ferdigheiter og dei

som strevar. I tillegg er det også eigne avsnitt om nynorsk som hovudmål, tidleg innsats, IKT og minoritetsspråklege elevar. Hovudbidragsytarar til språkplanen er dei tre kommunale ressurslærarane i språkkommune-prosjektet: Dagfinn Hovland (Skjolden oppvekstsenter), Anne Grethe Leirdal (Luster oppvekstsenter) og Kirsti Henden (Hafslo barne- og ungdomsskule).

Oppslaget attmed frå Indre Hafslo oppvekstsenter er eit døme på systematisk arbeid med språk og synleggjer progresjonen i språkarbeidet frå yngre til eldre elevar på barnesteget.



Gjennom Batterijakten fekk elevane og erfaring med samansette tekstar, då dei avslutte temaet sitt med å lage ein plakat for å få fram budskapet om miljøvern og rein energi.

Arbeid med språk ved Indre Hafslo oppvekstsenter

Tidleg og god språkstimulering er viktig for å kunne utvikle ein språkleg kompetanse som gjer barn og unge rusta til å meistre og delta i ein kvardag som set stadig sterkare krav til språk som kommunikasjonsmiddel. Korleis arbeider me på oppvekstsenteret med språk?

Barnehagen

I barnehagen er det ofte kvardagssamtalane som pregar kvardagen, enten det dreiar seg om måltid, leik, i garderoben og om felles opplevingar. Her vert språket brukt fritt og aktivt, og ein set konkrete namn på t.d pålegg, kle, dyr og andre liknande ting. Hovudfokuset er at dei vaksne er viktige språkmodellar for borna.

På Perle-gruppa (dei yngste i barnehagen) er det to faste dagar i veka som er sett av til

gruppearbeid, der fokuset er språk. Metoden varierer alt etter alder – for dei minste er det leiken som er viktig for språkutviklinga, så her står bruk av leikegrupper i fokus. For 3-åringane er det spennande med aktivitetar som spel, teikning, formingsaktivitetar og andre meir vaksenstyrte aktivitetar, medan me for dei eldre barna har fokus på meir spesifikk språktrening, der me arbeider med t.d ordlydar som kan vere utfordrande for barnegruppa.

Aktiv bruk av litteratur og rom for borna si eiga forteljarkompetanse er og viktig reiskap for språkstimulering. Dialogisk lesing vert nytta som metode i barnehagen – borna er delt inn i små grupper, og ein les bøker saman. Den vaksne stiller spørsmål undervegs, og let borna få tid til å fortelje, komme med kommentarar eller stille egne spørsmål, før me til slutt snakkar om kva boka handlar om. På denne måten får

borna moglegheit til å lytte og formulere det dei sjølv oppfatta frå boka. I frileik er det borna sjølv som tek initiativ til å lese – då vel barnet sjølv kva bok den vaksne skal lese, eller at barnet ynskjer å «leikelese» sjølv. Repetert lesing av ei og same bok verkar positivt inn på borna si forståing av skrift som nedkoding av tale, forståing av innhald, handling og karakterar, og dette gjev vidare moglegheit for samtale med borna.

Oppdagande skriving påverkar og språkutviklinga, frå manglande kjennskap til samheng mellom fonem og grafem til gradvis forståing av skrifta sitt lydprinsipp. I barnehagen vår har me eit bord med tal og bokstavar under ein gjennomsiktig duk, slik at både visuelle og taktile sansar kan takast i bruk. Dette gjev moglegheit til å snakke om bokstavar og ord, kven som har namn som startar på dei ulike bokstavane, samt leike med språklydar og kopiere grafemet



Kvar dag startar likt og her nyttar alle teikn (dag, dato, månad, årstall, årstid).

Her er teiknet for juni.

si form – alt på borna sine eigne premissar.

Samlingsstundene gjev rom for mykje arbeid med språk. Å leike med språket gjennom lydleikar, rimeleikar, song og musikk fengjer borna, og uansett kvar ein er i språkutviklinga er dette ein god måte å tilegne seg nye ord og omgrep, samt byrjande fonologisk bevisstheit, noko som er ein føresetnad for vidare lese- og skriveutvikling. For tospråklege born er det lettare å synge songar på norsk enn å snakke norsk. I samlingsstunda brukar me dramatisering av eventyr, høgtlesing av bøker, og me har samtale om ulike tema, høgtider eller felles opplevingar som t.d turar, uteskule osv.

1.-og 2.klasse

Språkarbeidet ein gjer i barnehagen og metoden ein nyttar i byrjaropplæringa byggjer på mange av dei same prinsippa. Frå første skuledag har me fokus på språkleikar:

- Lytte
- Rim/rytme
- Stavingar
- Første lyd-midt lyd- siste lyd
- Kims leik

I lese-og skriveopplæringa jobbar me med to nye bokstavar kvar veke, og til liks med barnehagen er det å leike med språket viktig for å kunne vidareutvikle og styrke forståinga for sammenhengen mellom lyd og bokstav.

Fordi me har ein elev i klassen med spesielle behov, er det nødvendig at alle elevane og dei vaksne kan nytte *teikn til tale*. Dette er fordi eleven skal forstå og bli forstått, og ikkje minst eit ledd i å integrere eleven.

Me har 6 teikn kvar veke. Desse ligg på vekeplanen, og me øver på dei kvar dag på skulen. Me ser også at elevane spør etter teikn for ting me ikkje har snakka om.

Teikna er valt etter kva tema me har eller årstid/høgtider. Enkelte songar blir også teiknsette.

Kvar dag startar likt og her nyttar alle teikn (dag, dato, månad, årstall, årstid).

Me har også dagstavle med teikn i klasserommet.



Barnehagen på tur i skogen. I samlingsstunda pratar me om turane våre.

Me brukar også teikn til tale i engelsk. Då snakkar me engelsk, men teikna er på norsk. Å nytte teikn som ei konkretisering av det muntlege språket er eit godt hjelpemiddel for elevar som strevar med å få med seg muntlege, informasjonsmetta beskjedar, eller som eit ledd i ord- og omgrepsforståinga.

3.- og 4.klasse:

Arbeidet med «lære å lese» fortset i 3.- og 4.klasse. I år har me særskilt fokusert på skriving, gjennom skriverammer og skrivestartarar. Me har jobba mykje med formsida av forteljing og faktatekst, og elevane har fått oppgåver som t.d :

Eit bilete av t.d ei bru, ein familie på ski eller ei aude øy. Deretter har dei fått nokre stikkord som set rammer for forteljinga: Du finn ein 50-lapp på brua, skodda kjem når de er på lang skitur, eller du har med deg øks, tau og kjele på den aude øya. Ut frå dette skal elevane formulere eit meningsfullt innhald. Dei har brukt det digitale verktøyet Book Creator og laga seg si eiga faktabok då dei hadde dinosaurar som tema i samfunnsfag. Gjennom Batterijakten fekk elevane og erfaring med samansette tekstar, då dei avslutte temaet sitt med å lage ein plakart for å

få fram budskapet om miljøvern og rein energi.

5.-7.klasse:

På mellomtrinnet skiftar me fokus frå å «lære å lese» til «lese for å lære». Men det tyder ikkje at me legg vekk arbeidet med språket heilt ned på detaljnivå. Me jobbar mykje med ord og omgrep, gjennom t.d øveord eller *fokusord*. Dette er ord som er henta frå andre fag og emne ein arbeider med i den aktuelle perioden, på den måten vert den typiske «vekeord-jobbinga» meir funksjonell. Me jobbar både med innhaldssida og med formsida av orda, for både å utvikle eit sterkare ordforråd og omgrepsapparat, men og for å auke lesefarten gjennom å jobbe med forståinga av enkeltord. Lesestrategiar står i sentrum, og særskilt måtar å kunne avkode ukjente og fagrelaterte ord.

Me brukar og mykje tid på skriving i ulike sjangrar. Her står *skrivetrekanten* i fokus, og omgrepa *formål, form og inn-*

hald skal vere tydeleg formulert og gjennomgått før elevane startar skriveprosessen. Skrivestartarar, ordbank og skriversammesetningar hjelper elevane å strukturere tekstane sine.

Muntleg kommunikasjon er og ein del av språkutviklinga, t.d å kunne lytte, vente på tur, vise respekt for andre sine meiningar og hevde eigne argument. I 5.-7. klasse brukar me difor mykje klasseromsdialog, reflekterande og argumenterande oppgaver etter IGP-metoden; *individuell, gruppe, plenum*, der bruk av læringspartnar som samtalepartnar står i fokus.

Høgtlesingsmomentet slepp me heller ikkje heilt på mellomtrinnet. Lesing står heile tida på planen, enten gjennom individuelle og felles leseleser, eller gjennom ulike leseprosjekt. I ein periode kvar haust og kvar vår er og 5.klasse på besøk hjå dei eldste i barnehagen, som «leselærarar» - dei førebur seg på å lese ei bildebok og me jobbar etter



5.-7. klasse sine multimodale tekstar.

prinsippa for dialogisk lesing slik at borna som blir lesen for deltek aktivt i lesinga.

Å skape eit godt språkmiljø for alle barn er kanskje barnehagen og skulen si viktigaste oppgave. Det å meistre språket gjev barna moglegheit til å delta og dermed lære, noko som igjen er viktig for inkludering.

Ungdomen streikar

Siste året har me sett eit stort internasjonalt, nasjonalt og lokalt miljøengasjement hjå barn og unge. 22. mars var det streik mange stader, også i Luster. Ungdomar streikar i og utanfor rådhuset.

På plakatanne:

- Klimaet er viktigare enn fråvær
- Vær ein del av løysinga ikkje problemet!
- Kvifor utdanne seg til ei framtid me ikkje får?
- Det er ingen planet B



«Å vera med og å høyra til» - Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS) 2018 og 2019

Alle kommunane i Sogn deltek i eit toårig nasjonalt prosjekt om Inkluderande barnehage- og skulemiljø i regi av Utdanningsdirektoratet. Målsetnaden er kompetanseutvikling for tilsette i barnehagar og skular og for barnehage- og skuleeigar om mobbing og andre krenkingar.



Illustrasjonsfoto: AdobeStock

Kommunane i Sogn har valt å vera med på den ordninga som vert kalla samlingsbasert tilbod. Det er for barnehagar og skular som ønskjer å arbeida sjølvstendig med støtte frå ressurspersonar, nettverk og samlingar. Det vert arrangert samlingar både nasjonalt og regionalt kvar vår og haust. Region Sogn har inngått avtale med Læringsmiljøsentret i Stavanger, og dei stiller med kurshaldarar på dei to regionale samlingane, på regionale leiarsamlingar og på felles planleggingsdagar for barnehage og skule.

Det er tilsett to regionale ressurspersonar i prosjektet og båe er frå Luster: Inger Marie Evjestad (rektor Indre Hafslo oppvekst-senter) og Linda Midtun (ass. styrar og pedagog Gamlestova barnehage). Båe er tilsett i 40 % stilling til dette rettleings- og koordinatorarbeidet i 2018 og 2019. I tillegg har Aslaug Øydivin, lærar ved Hafslo barne- og ungdomsskule, vore tilsett i 10 % stilling som kommunal ressursperson på IBOS for lustraskulane skuleåret 2018/19.

Kommunal IBOS-plan og skulemiljønettverk

Kvar kommune i Sogn har utarbeidd sin eigen lokale IBOS-plan. I og med at det er fleire tema som er overlappande, så har barnehagane og skulane i Luster valt å arbeida med sams tema og problemstillingar. Eit unntak er at skulen også arbeider med regelverkskompetanse, nærare bestemt kapittel 9A i opplæringslova. Det er den delen av skulen sitt lovverk som handlar om elevane sitt skulemiljø og den aktivitetsplikta skulen og tilsette har for å sikra at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø.

Den regionale planen for god psykisk helse blant barn og unge er ein del av overbygninga for den kommunale IBOS-planen. Det overordna lokale målet for arbeidet med inkluderande barnehage- og skulemiljø i Luster kan samanfattast i den korte setninga: «Å vera med og å høyra til».

Skulane i Luster har dei siste par åra hatt sitt eige skulemiljønettverk der ein lærar og ein rektor frå kvar skule deltek. I dette nettverket vert det utveksla erfaringar og gode tips om korleis arbeida med skulemiljøet. Guttorm Helgøy, tilsett



Kurshaldar Guttorm Helgøy saman med rektorar, lærarar og helsesystre på nettverk om skulemiljø.



Fellesbilette: På den første felles samlinga for barnehage- og skuleleiarar i Sogn var inkluderande barnehage- og skulemiljø eit hovudtema.

ved Læringsmiljøsentret og hovudansvarleg for opplegget «Trygg i Fjell» i Fjell kommune, har hatt arbeidsseminar med nettverket både hausten 2018 og våren 2019. På desse seminara har også helsestasjonen i Luster vore invitert.

Mange ulike verkemiddel og tiltak

IBOS-prosjektet dreier seg først og fremst om kompetanseheving for tilsette i barnehage og skule når det gjeld inkludering, førebygging og handtering av mobbing og krenkingar. Forutan deltaking på nasjonale, regionale og lokale samlingar og nettverk, prioriterer barnehagane og skulane IBOS-relaterte tema i utviklingstida si på den enkelte eining. Observasjon, vaksenrolle og relasjonsbygging har vore sentrale tema så i tillegg til grunnleggjande temaforståing.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø var også eit hovudtema på den aller første felles samlinga for alle styrarar, rektorar, barnehagefagleg- og skulefagleg ansvarlege i Sogn som vart halde i Bergen i september i fjor. Ei tilsvarande fellessamling for barnehage- og skuleleiarar vert

også skipa til komande haust, også då med IBOS som eit berande tema.

I fjor haust vart det halde eit ope møte i samarbeid med Idrettsrådet om førebygging av mobbing innan idretten, og i vinter var det eit ope foreldremøte på Gaupne skule om mobbing med underspørsmåla: Kva er mobbing? Kva former for mobbing finnest? Kva ansvar har skule og heim for å bekjempe mobbing? På begge desse møta var det Guttorm Helgøy som var foredragshaldar.

For tilsette i skulen har det også dette skuleåret vore halde to kurs om «Åtferd og korleis forstå bakgrunnen for aggresjon og vald». Kurshaldar var Øystein Haugen, tilsett ved Ecura bo- og habilitering med erfaring frå Regional sikkerhetsavdeling ved Sandviken sykehus og Akutt døgn ved Psykiatrisk klinikk ved Førde sentralsjukehus. Temaet for kurset var grunnleggjande innføring i ulike former for aggresjon og vald, forskjell på sinne og aggresjon, korleis desse fenomenen vert opplevd og korleis dempa ein risikosituasjon ved å bruka kommunikasjon.



Kurshaldar Øystein Haugen til venstre og lærar Stian Kvalsøren reflekterer saman i pausen i kurs om åtferd.

Dette var eit lærerikt kurs med eit aktuelt tema.

Barnehagane og helsestasjonen har på si side hatt eit nært og godt samarbeid om den såkalla tryggleikssirkelen – COS (Circle of Security) – der ei rekke tilsette har vorten sertifiserte for å kunna halda foreldrerådgeving-skurs. Kort fortalt dreier det seg om eit verktøy – eller ein metodikk – som skal hjelpe føresette til å forstå betre kva behov barn har, kva signal dei gjev og kva dei vaksne kan gjera for å møte desse behova betre. Dei kursa som har vorten haldne til har vore sær populære, og det har til og med vore ventelister. Det vert nye kurs i året som kjem.



Ein europeisk tropp: Erasmus-gruppa gjekk med eigen plakart i 17. mai-toget i Skjolden.

Thank You To Luster!

Det var stor begeistring og nøyde skulefolk når det treårige Erasmus+-prosjektet RECEPTION vart avslutta med fem-dagars-samling-og-lærarkurs i Luster. Oppvekstsentra kunne fortan eit breitt fagleg program by på natur- og kulturutflukter i strålende solskin og 17. mai-feiring i Skjolden som eit naturleg høgdepunkt.

Temaet for det treårige prosjektet RECEPTION har vore kvalitet i begynnaropplæringa og overgangen barnehage-skule. Det har vore seks partnarar i prosjektet; oppvekstsentra og Oppvekst i Luster, Albertslund kommune i Danmark, ein skule frå Reykjavik på Island, ein skule frå Gornja Stubica utanfor Zagreb i Kroatia, direktoratet for grunnopplæring i vestre Thessaloniki i Hellas og Clare Education Centre i Ennis vest i Irland. Prosjektet er økonomisk støtta gjennom EU sitt utdanningsprogram Erasmus+.

Kvart halvår har det vore samling hjå ein av partnarane med fem-dagars-lærarkurs og egne prosjektmøte. I tillegg til dei faste samlingane har partnarane arrangert to opne lærarkurs i løpet av 2018/19, eitt i Zagreb og eitt i Thessaloniki. Til saman har 12 lærarar frå Luster og 6 skuleleiarar delteke på eitt eller fleire av lærarkurs og samlingane. På dei to opne lærarkurs har også lærarar frå Gaupne og lærar frå Hafslo delteke med støtte frå Senter for internasjonalisering av utdanning i Bergen.

Kvar partnar har i prosjektet gjennomført eit utviklingsarbeid dokumentert gjennom ein såkalla case study – ein rapport – og ein film. Filmen frå Luster dokumenterer praksisen til oppvekstsentra når det gjeld overgangen barnehage-skule og deira vektlegging av tryggleik, lek og inkludering.

Breitt fagleg program – samarbeid med Høgskulen

Foredragshaldarar frå Høgskulen på Vestlandet i Sogndal sytte



Elevane ved Jostedal oppvekstsenter imponerte med eit kreativt 17. mai-program der det var innslag av både videofilm, oppgåveløysing og song.

Gjestene frå Europa fekk sjå Luster sitt bidrag til verdsarven, Urnes stavkyrkje.



for at det faglege programmet fekk ei god blanding av det praksisnære, nyare forskning og læringsteori. Stipendiat Solrun Samnøy hadde foredrag om psykisk helse i skulen, professor Eivind Aadland fortalde om betydninga av fysisk aktivitet i barnehage og skule og førstel-ektor Dag Skram tok føre seg tilhøvet mellom leik og læring og ei heilskapleg utvikling av barnet.

Særlege kjenneteikn ved undervisninga i oppvekstsenter var tema for heile tre fagøktar. Dagfinn Hovland og Wenche Weka ved Skjolden oppvekstsenter hadde økt om nærmiljøundervisning, Sissel Morken, Trude Sønnesyn og Maria Molland ved Indre Hafslø oppvekstsenter tok elevane og kursdeltakarane med seg ut i skogen og gjennomførte ein demonstrasjon av uteskule medan Britt Kristin Næss Schmidt frå Luster oppvekstsenter og rektor Mette F. Reinertsen ved Jostedal oppvekstsenter avslutta det faglege programmet med eit foredrag om aldersblanding og differensiert undervisning.

Ved alle oppvekstsentra som deltakarane var innom hadde elevane – jamvel også barnehagebarna – førebudd seg med

velkomstsong og framsyning av generalprøve på 17. mai-programmet. Sjeldan har «Mellom bakkar og berg» vorte sunge til eit meir takknemleg og velviljug publikum.

Faglege Luster

Fleire av deltakarane sa dei hadde gledd seg i tre år til å koma til Luster. Gjestene frå Europa fekk sjå Nigardsbreen og Breheimsenteret, omvising i Solvorn, Urnes stavkyrkje og på sagbruket og mølla i Feiga. Dei fekk også oppleve ein spegelblank lustrafjord med RIB-båt på veg over frå Feiga til Prestegarden i Luster. Det heile blei avslutta med 17. mai-feiring i Skjolden. Der fekk gjestene nasjonaldagfrukost på oppvekstsenteret, foredrag om Wittgen-

stein i Luster av Harald Vatne og dei fekk gå i folketoget under eiga RECEPTION-plakat. På Fjordstova stilte også dei utanlandske gjestene opp med kaker frå heimlandet til det store felles kakebordet.

På avslutningsmiddagen ved Skjolden hotell vart det halde lange takketalar, og den irske delegasjonen hadde til og med dikta eigen song med tittelen «Thank You To Luster» etter tonane til ABBAs «Thank you for the music». Og kva tykte lærarane i Luster om prosjektet?

«Erasmus-prosjektet har vore inspirerende og gitt meg nye nye idéar, men bekreftar òg at gjer ein solid jobb heime i Luster.», oppsummerer lærar Hilde Boksasp Lerum ved Skjolden oppvekstsenter. Else Marie Haugen er samd: «Erasmusprosjektet har gjort at eg no ser på undervisning og jobben min i eit nytt perspektiv. Nye refleksjonar, nye idear og ny kunnskap. Erasmus-turane har gitt meg eit pusterom i ein travel kvardag og ny inspirasjon til arbeidsdagen på min skule. Samstundes ser eg og no betre kvalitetane og verdien me har i opplæringa ved vårt eige oppvekstsenter. Eg blitt kjent med kollegaer i eigen kommune og fått nye vener frå Erasmusprosjektet.» Eit treårig prosjekt vart losa vel i hamn.



Glade elevar ved Solvorn oppvekstsenter har førebudd seg med flagg, velkomsttalar og flotte songar.

Raud base – ny mellombels avdeling i Gaupne barnehage

Det var med stor spenning at Gaupne barnehage utvida med ei ekstra avdeling i januar 2019.

Den nye avdelinga – kalla Raud base – held til i lokala bak scena i den gamle gymsalen midt mellom Gaupne skule og Luster ungdomsskule. Etter eit halvt års drift kan ein seia at det har gått bra.

Gaupne barnehage har sidan januar 2018 og etter nokre bygningsmessige endringar hatt kapasitet til 114 barnehageplassar. Dersom alle barna som søkte plass ved suppleringsopptaket i januar 2019 skulle få barnehageplass, så var ikkje dette nok. Sidan det ikkje var mogleg å utvida eksisterande barnehage yttarlegare, måtte barnehagen finna nye mellombelse lokale andre stader. Det vart vedteke å ruste opp den delen av gymsalbygget som dei siste åra har vore nytta til



Me konstruerer.

mellom anna norskopplæring for minoritetsspråklege elevar og til SFO. Dette var spanande for både personalet, barn og føresette. Det vart gjort naudsynte oppgraderingar i høve brannsikkerheit, lys og luft, og resultatet har vorte lyse og gode lokale. Med denne utvidinga er kapasiteten no totalt 138 barnehageplassar i Gaupne.

Alle dei eldste barna samla

Tidlegare har dei eldste barna i barnehagen til vanleg vore på spreidde på to eller tre avdelingar, men vore saman to dagar i veka i den såkalla *Klubben*.

Dette har me erfart har ført til gode relasjonar mellom barna før dei starta på skulen. Denne gode erfaringa var bakgrunnen for at barnehagen valte å samla alle dei eldste i barnehagen – 21 spente 5-åringar – i ei og same avdeling og la dei vere saman på Raud base det siste halve året før dei startar i skulen.

Barna har no barnehage midt

i Gaupne og har vorten godt mottekne. Det er kjekt å sjå ungdomsskuleelevar, barne-skuleelevar og barnehagebarna saman. Ungdomsskulen har hatt opplegg for barnehagen gjennom valfaget «Innsats for andre» og barneskulen har invitert oss på kulturøkter, eldre elevar har lese for barnehagebarna og førsteklasingane og 5-åringane har leika i lag.

Dei eldste borna i Gaupne barnehage har funne seg godt til rette på den nye basen sin, saman med personalet der:

«Det er så kjekt å ha god tid til kvar enkelt 5-åring», seier Kirsten Snøtun Tuften som har fungert som pedagogisk leiar dette halve året. «Me kan legge opp aktivitetane på ein litt anna måte når me har ei aldersrein gruppe, og det trur eg er bra for både 5-åringane som er på Raud base, og for dei andre, yngre, som får regjere på ein annan



Raud base har lyse og fine lokale å leike i.

måte i barnehagen på Oransje, Turkis og Blå. Så dette har vore eit spanandes halvår.»

Overgangen barnehage-skule

Ny organisering skapar alltid litt uro og usikkerheit, men oppstarten av Raud base har gått godt. Overgangar er omtala i Rammeplanen som viktige og skal vera godt planlagde, og sjølv med kort tid på oss fekk me dette til. Personalet gjorde ein god jobb i denne prosessen. Foreldra har også vore positive. Heile tida tenkte me inkluderande barnehagemiljø. Me ser her kor viktig språket er for å kunne førebu barna, for at barna kunne fortelje kva dei tenkte og kva forventningar dei hadde og kor viktig det er å ha språket til å kommunisere med. I denne perioden vart også barnehagen sin styrkingsressurs i forhold til språk brukt på Raud base, slik at dei minoritetsspråklege barna skulle vere godt ivaretekne i prosessen.

Me har opplevd at denne organiseringa med dei eldste i ei aldersrein barnehagegruppe har styrka overgangen barnehage-skule, og me vil difor halda fram med å samla dei eldste barnehagebarna på Raud base også neste barnehageår.

Det viktige framover er at me klarer å halde på det gode samarbeidet med skulane og at



Samarbeid med Gaupne skule og 1.klasse er kjekt



Det gamle dusjrommet blir nytta til formingsaktivitetar.

Raud base opplever å vera ein del av Gaupne barnehage. For begge deler er viktig for barna, for dei tilsette, for føresette og for bygda.



Utemåltid skapar felles opplevingar og glede



Fysisk aktivitet og friluftsliv på raud base.

Skjolden barnehage besøker hjortefarm

Tidleg i mai reiste Skjolden oppvekstsenter avdeling barnehage på besøk til Marås Hjort i Mørkridsdalen. Barnehagen har dette barnehageåret gjort seg kjend med mange ulike husdyr. Rammeplan til barnehagen skisserer sju fagområde barna skal få erfaringar innafor. Under fagområdet natur, miljø og teknologi står det (s.52); «barnehagen skal bidra til at barna får kunnskap om dyr og dyreliv». I barnehagen i Skjolden har me arbeidt med eit husdyr kvar månad. Me har gjort oss kjende med ku, hest, gris, sau, katt, hund, høne og hjort. Hjorten er vel ikkje akkurat eit husdyr, men sidan det er ein hjortefarm i nærmiljøet og me var så heldige å få koma på besøk så vart hjorten med.

Det var ein spent gjeng med barn og vaksne som drog på besøk. Det er sjeldan ein får kome så tett på hjorten som her. I barnehagen har me fargelagt og hengt opp bilete av hjorten. Me har sett han på data, og me har høyrte kva slags lydar han

lagar. Det er likevel ingenting som slår førstehandserfaringar. Me fekk både sjå på, ta på og klappa hjorten, og me fekk vera med og gje han mat. Dette vart ein lærerik og morosam dag for barnehagebarna.



Dale skule og Luster barnehage - 50 års og 30 års-jubileum

Hausten 1968 vart Dale skule offisielt opna, og våren 1989 vart Luster barnehage offisielt opna. Dette vart feira med eit kombinert 80-årsjubileum tysdag 18.juni ved oppvekstsenteret.

Noverande og tidlegare tilsette, føresette, barn og elevar tok seg tid til å feire dette saman med oss denne flotte junikvelden. Kommunalsjef for Oppvekst, Knut Åge Teigen gav oppvekstsenteret ei raus bokgåve. Elevar og ungar framførte Hakkebakkeskogen med litt akkompagnement frå Dale skulemusikk. Me fekk mange godord og kjekke



Ei flott framføring av Hakkebakkeskogen på jubileumsfesten.

(foto: Linda Watten)

helsingar i høve jubileet. Tusen takk til alle som ville feire

oss!

Barnehagedagen 2019:

Ein dag med mykje undring

Barnehagedagen er ei årleg markering over heile landet. Utdanningsforbundet, Fagforbundet, Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og barnehagane står bak markeringa. Årets tema var «Eg lurar på».

I Hafslo barnehage nytta vi tid med ungane for å finne ut kva vi lurte på og kor vi kunne finne svar. Personalet ynskte også å legge til rette for at barn kunne vere undrande og utforskande i kvardagen sin.

Korleis fann vi ut korleis det ser ut inni kroppen vår? Vi lånte sjølvsagt eit skelett og ein torso. Korleis fann vi ut kvifor mjølka er kvit? Jau, vi gjekk på besøk til ein bonde og spurde han. Korleis fann vi ut kva som var inne i den store pappøsja på småbarnsavdelinga? Vi rista på den, lytta, gjetta, lukta og kikka inn. Dette og mykje meir undra vi oss over i fleire veker. Saman



«Mamma trur du den er tyngst?»

med barna vart det forska, stilt spørsmål, lest, eksperimentert og mykje meir.

Tysdag 12.mars inviterte vi foreldra til å vere med oss og lure på «mangt og mykje». For å få god tid til aktivitetane og eit godt måltid i lag var barnehagen open til kl.18 denne dagen. Det vart ein flott ettermiddag for barn, foreldre

og personale. Så mange små og store luringar samla!

Personalet i barnehagen la til rette for ulike aktivitetar. Alle kunne velje det dei sjølv hadde lyst å vere med på. Vi hadde ulike tema rundt i barnehagen: lys og mørke, tung og lett, høg og låg, universet, smak og lukt, lys, flyte og synke, følesansar, lyd.



«No kjem den på vegg!»



«Er eg slik inni meg?»



Ungane blandar bokashiavfallet saman med vanleg jord.

Ein barnehage i vekst

Veitastrond barnehage har hatt stor vekst dei siste åra



Matavfall frå dagen vert kasta i bokashibøtta.

og har i dag 15 born i alderen 1-6 år.

Den positive auken av tilflyttarar og nyetablerte har ført til auka behov, og hausten 2018 vart opningstida til barnehagen utvida frå 4 til 5 dagar i veka.

Dei siste månadane har Veitastrond barnehage byrja på eit spanande prosjekt med bokashi-kompostering. Med denne typen kompostering vert alt matavfall omdanna til nærings-

rik jord på få veker. Matavfall frå heile dagen vert samla i ein behaldar som vert tømt i ei heimelaga bokashibøtte på slutten av dagen.

Bokashibøtta har ungene vore med på å laga sjølv. Eit strø som består av mikroorganismar er med på å bryta ned avfallet. Det skal i utgangspunktet ikkje lukta så mykje, men nokon av borna syntest at strøet luktar litt stramt. Små og store er spente på utfallet og gler seg til å plante vekstrane i sjølv laga jord



Rekka vert lang når Veitastrond barnehage er på tur.

Glede andre – nytt prosjekt ved Hafslo barne- og ungdomsskule

Tysdag ettermiddagar hausten og vinteren dette skuleåret, har grupper frå 5.-7.klasse på Hafslo barne- og ungdomsskule vore på «gleding» av andre. Dette har me lagt til dei aldersblanda gruppene me har kvar tysdag gjennom heile skuleåret

Når Aldersblanda står på timeplanen har elevane aktivitetar som friluftsliv, data, mix («oppdrag» som skal løysast) og «Glede andre». På Hafslo har me hatt denne modellen i over ti år no. Faga varierer litt frå år til år.

Når «Glede andre» står på timeplanen har elevane sjølve fått valt kva dei ønskjer å gjera. Ideane har vore mange, og oppgåvene varierte. Elevar har vore på sjukeheimen på besøk, Gamlestova barnehage har tatt imot elevane og dei har fått vore med å hjelpe ungane der. Nokon har reist heim til føresette eller besteforeldre. Då har turar med hunden, baking og husarbeid stått på programmet. Prosjektet har gitt oss på skulen utruleg mykje. Mange ivrige ungar som tek stort ansvar. Lokalbefolkninga har gitt kjekke tilbakemeldingar. Leik, den gode samtalen og hjelpe andre har stått i fokus. Ein blir glad av å glede, og ein blir glad av å bli gleda.

Takk til alle so har villa bli gleda, me kjem att til neste skuleår.



Bestemor er glad for å få bakehjelp.



Flott å få hjelp med søppeldunkane.

Berekraftig utvikling ved Luster oppvekstsenter 2016-2019

Luster oppvekstsenter har i samarbeid med Naturfagsenteret i Oslo delteke i eit 3-årig prosjekt om berekraftig utvikling gjennom Den naturlege skulesekken (DNS).

Den naturlege skulesekken har som mål «å medverke til at elevane som framtidige arbeidstakarar, får kunnskap og medvit om berekraftig utvikling og miljøutfordringane på kloden og blir i stand til å forstå og utvikle løysingar for miljøproblema i dag og i framtida.»

Tittelen på prosjektet er «Gamalt nytt», og er meint å skulle illustrere at «gamle» ting kan få nytt liv på meir enn ein måte. Dette har vore gjennomgåande tema desse tre skuleåra med ekstra fokus i eigne prosjekttveker kvart år. Slik har elevane på skulen i Luster jobba med dette i eit berekraftig perspektiv:

ÅR 1: Bør me ta lenger vare på tinga våre?

Under *Den store søppeldagen* fekk me besøk frå SIMAS. Om



Søppelsortering



Så: Best før, men ikkje dårleg etter.

våren arrangerte me *Loppemarknad* så det ein sjølv ikkje hadde bruk for lenger kunne koma andre til nytte; «Gamle» ting kan få nytt liv. På *Ta vare på – dagen* fekk elevane i praksis lære seg å sy i knapp, tre i snorer og stoppe sokkar. I tillegg fekk dei lære å ta vårpussen på sykkelen og lappe sykkeldekk. Elevane jobba òg med redesign på fleire måtar, m.a. laga dei seg vesker av dongeribukser og gamle skjorter.

Alle elevane hadde høyrte om den stakkars kvalen som døydde med store mengder plast i ma-



Loppemarknad. Gamle ting kan få nytt liv.


gen, og elevane skreiv argumenterande tekstar for og mot bruk av plast der dei fekk fram at det ikkje er ei enkel løysing på dette problemet.

ÅR 2: Mat og matsvinn; Best før, men ikkje dårleg etter?

Elevane gjorde undersøkingar på kor mykje som vart kasta av mat heime, i butikkar, på hotell og omsorgssenter. Dei vart forskrekka over kor store pengesummer det vart kasta mat for. Dei sjekka også haldbarheitsdatoar og kva som vart gjort med varer som var utgått på dato. Undersøkinga viste at heimane var flinke til å ha restemiddagar.



Elevane bøter sokkar på «ta vare på dagen»



5E – modellen

ressurspersonar i prosjektveke-ene, og me har vore på mange bedriftsbesøk. Elevane har vorte betre kjende med heimplassen sin. Borna skal kjenne eigarskap til heimplassen, knytte lokal identitet og samhald, samt sjå moglegheiter for å etablere seg her i framtida.

Etter arbeidet med prosjektet er me vortne mykje meir bevisste på å greie å gjera gode val. Eit sitat frå ein elev illustrerer dette godt: «Me skal ha det godt, men det skal òg vera nok til dei som kjem etter oss.»



På skulen laga elevane ny mat av «gamal» mat og serverte til kvarandre: smoothie, lompechips, kavring, krutongar. Jordbærsmoothie vart kåra til den beste.

ÅR 3: Lustrabygda – ei framtid for meg?

Me har sett fokus på tradisjonar og tradisjonsarbeid, arbeidsplassar og framtidsmoglegheiter i lokalmiljøet. Før jul hadde me Tradisjonsdag, der elevane var innom stasjonar med kjøtkak-

esteiking, julebaktst, julepynt, karveskurd med kolrosing, og historieforteljing frå tidlegare tid i Luster. Elevane har skaffa seg oversikt og kunnskap over arbeidsplassar i eiga bygd, og har intervjuet yrkesgrupper som dei ønskte å veta meir om. Målet vårt har vore å oppnå kunnskap om utnytting og gjenbruk av ulike ressursar i lokalmiljøet. I prosjektet har me arbeida med mange fag og i aldersblanda grupper. Me har fått hjelp av lokale



Bedriftsbesøk på Fjordglas. Kunnskap om arbeidsplassar i eiga bygd.

Inspirerende digital fagdag på Luster ungdomsskule

Korleis kan digitale verktøy forsterka undervisninga og læringsutbyttet til elevane, bruk av Office 365, spel i skulen og VR/AR i klasserommet. Det var ein rikhaldig meny som vart servert når lærarar frå ungdomsskulane, IKT-pedagogar på barneskulane i Luster og inviterte skuleleiarar frå nabokommunane møttest til digital fagdag på Luster ungdomsskule.

Hovudøkta var eit foredrag med Simen Spurkeland, lærar ved Vøyenenga skole i Bærum og kjend foredragshaldar i skulesamheng. Tittelen på økta var «Frå konsument til produsent – digital didaktikk i praksis». Det dreide seg mykje om praktiske tips og refleksjonar om korleis IKT kan vera med på å styrka læringa til elevane og om korleis ulike undervisnings- og vurderingsformer kan bidra til motivasjon og elevengasjement. Rektor og skuleeigar si rolle i den digitale utviklinga i skulen var også eit tema.

Ved skulestart i 2020 vart det innført eit nytt læreplanverk, den såkalla Fagfornyninga, der IKT og programmering er meir vektlagt enn i nokon læreplan tidlegare. Då kjem det godt med at begge ungdomsskulane i Luster har vore deltakarar i det treårige pilotprosjektet om programmering som valfag på 8.-10. trinn.

Etter lunsj var det tre parallelløktar. Ei økt om bruk og erfaringar med Office 365 og programma Forms, OneNote og



Kursbaldar Simen Spurkeland og kommunal ressurslærar i IKT, Håvard Takle Sanden.

Teams. Ei anna økt dreide seg om spel i skulen og korleis desse kan nyttast i undervisningssamheng. Det var spel som *Keep Talking and Nobody Explodes*, *Byen, Spent*, *My child lebens-*

born og *GeoGuessr*. I den tredje parallelløkta kunne lærarane få prøva VR-briller og testa app'ar som brukar virtual reality- /augmented reality-teknologi (VR/AR).



Eksempel på bruk av VR i ein naturfagtime på Luster ungdomsskule

Luster ungdomsskule i landsfinalen i Klassequizen 2019

Hurra for Tora, Vebjørn, Johannes og reserven vår Ifrah. Desse elevane i 10. klasse på LUS vart eit av to vinnarlag frå Sogn og Fjordane i Klassequizen 2019. I år deltok 543 skular frå heile landet, og Luster ungdomsskule enda mellom dei 36 beste laga. Det kan me lustringar vere stolte av alle saman.

Det viste responsen klassane fekk då dei skulle skaffe pengar til Osloturen. Ikkje nok med at Ordførar Ivar Kvalen ville betale heile bussturen, han stilte opp i NRK-studio for å heie deltakarane våre fram. Føresette og bedrifter som vart spurde, opna lommeboka, og etter matteten-



Deltakarane, Tora Bjørhusdal, Vebjørn Viem Elvekrok og Johannes Erlend Viken Oppedal. Desse tre er grunnen til at me i det heile fekk reise til Oslo på klassetur.

tamen tysdag 9.april sat alle fint festa i bussetebeltet. Me var på veg til Oslo – hurra for alle sponsorar, og tusen takk for alle gåvene me fekk.

Planar, reglar, måltid og avtaler var klare, no skulle me kose oss både elevar og lærarar. Jarle Bolstad køyrde stødig, Reidun var guide og styrde oss trygt til sengene våre på vandrarheimen i hovudstaden. Ingen bulkar, ingen feilkøyringar, stort sett ro og fred, «hjulene på bussen» gjekk rundt og rundt, og bussjåføren var «ein mann med godt humør». Deltakarane våre vart innkvarterte på Gyldenløve Thon Hotell på Majorstua, og Vibeke Viem hadde ansvar for at dei la seg trygt på lading. Onsdag 10.april var «Quiz-dagen».

Å vere deltakar

Å vere deltakar på klassequizen var ei interessant og kjekk oppleving. Hjø NRK vart me vel mottekne, og me fekk god mat, drikke og frukt. Før sending

vart me sminka og fekk utdelte t-skjorter. Etter å ha fått festa på mikrofonar var det tid for quizing. Inne i studio gjekk me først gjennom ein testrunde før den verkelege klassequizen tok til. Programleiaren Zelda Ekiz leia showet som alltid. Trass tekniske problem under innspeling, var tida i studio kjekk og med god service. I byrjinga av sjølve quizen følte me at det ikkje gjekk så bra, men dette betra seg heldigvis. Sjølv om me ikkje kom heilt til topps er me er nøgde med innsatsen.

Å vere tilskodar

Me fekk 15 plassar inne i studio, resten av klassen og lærarane måtte sitte i «Las Vegas». Der vandra både kjende og ukjende fjes forbi. Alt frå ankerpersonar i Dagsrevyen til Leo Ajkic og Nicolay Ramm passerte der me sat. Storskjermar viste oss alt som skjedde i studio, og me fekk god innsikt i korleis ein lagar ein-times-sending på TV. Ifølge omvisaren vår var det



«Her kjem ein kjendis til!» Mona var starstruck då Herman Flesvig kom forbi i «Las Vegas».

over 100 yrke i sving framfor eit slikt program; alt frå frisørar til programleiar, frå lysmeistar til dørvakter. Ei hadde ansvar for plassering, ei anna for frukt.

På førehand måtte dei ha alle namna våre og me fekk eigne namneskilt. Det er nesten like strengt som på ein flyplass, men ikkje fullt så enkelt å kjøpe seg litt mat undervegs. Me er glad me hadde med niste og drikke. Det var mykje godt å sjå fram til; Hilde hadde fiksa ”hamburger” til heile gjengen på MacDonalds, og me visste at me skulle få vandre fritt, shoppe, leige sykklar og kose oss på Karl Johan etter innspelinga, derfor gjekk det i grunnen greitt. Me heia på laget vårt, og er stolte av vennene våre. Dei imponerte oss, unntatt det spørsmålet om Gaute Grøtta Grav. På den andre sida er det vel derfor dei er så gode; dei ser på History og Discovery-kanalar i staden for Farmen.

Fotballkamp, avslapping, spel i kjellaren, herjing i gangane, besøk på romma, ifølgje Håvard var me snille som lam onsdagskvelden. Gro Anita, Stian og Berit kunne sove godt på putene sine om natta og innbyggjarane frå Luster er fortsatt hjarteleg velkomne på Haraldsheimen i Oslobøgdi.

22. juli-senteret

«Sorger og glæder – de vandrer tilsammens» står det i songen, og sjølv om dette var ein skuletur i glede, blei den ikkje ringare av Alvoret som møtte oss på 22.juli-senteret. I dagane før Osloturen hadde me arbeida ein undervisningstime med tema knytt til denne altfor triste hendinga. Ein vert tankefull og lærer mykje av å få profesjonell omvising og å få snakke saman om Alvoret rundt det som hende. Dersom du har nokre timar til

10A og 10B takkar for pengegåver til Osloturen

Me takkar også for alle flotte gåver til basaren, og dei føresette som kjøpte lodd:

Perry Frisør
Luster Energiverk
Utdanningsforbundet
Gaupne Bilsenter
Luster kommune Oppvekst
Luster Apotek
Daniel Myklebust (pant)
Jostedal bygdelag
Digital Etikett

Øvrebø Fargehandel
NRK (pengepremie)
Luster sparebank
Luster ungdomsskule
Hydro Aluminium
NTP (arbeidspengar)
Luster kommune
Spar Gaupne

overs neste gong du vitjar hovudstaden, kan du godt ta turen hit.

Colosseum kino

Colosseum kino, VIP-avdelinga, 10A og 10B liggjande horisontalt i stresslessar, vidopne augo og reinvaska øyror – eit fantastisk, spektakulært audiovisuelt lysshow i kuppelen. Installert med 4K-laserprojektor, ein 6P RGB-basert modell, truleg DP4K-60L- flaggskipmodellen. Det var heilt herleg, og rosina i pølsa – for ikkje å sei stjerna under kuppelen var AuroMax eller Auro 3D. Me er imponert og skulle gjerne hatt denne kinoen tilgjengeleg kvar fredag kveld. Fyrst eit hakesleppande show, deretter kjærleik og snufsing med «A Star Is Born» med Lady Gaga og Bradley Cooper. Kan ein ha det betre midt i skuletida?

Shopping Strømmen storsenter
Eit av Noregs største senter stod på planen og ifølgje Håvard og Stian fauk me att og fram som forvirra veggjelus, medan dei sat på ein kaffibar og koste seg med cappucino og cookies... Nokre shoppa, andre såg seg rundt – me gjorde stort sett det me brukar å gjere på Pyramiden i Gaupne.

Før leggetid denne dagen hadde me også ete Subway-lunsj

og besøkt Vigelandsparken. Kvelden hadde denne menyen: Kyllinggryte, skravling, pakking, bordtennis, chips og god natt. Avreisa fredag gjekk som smurt og i god gammal norskstiltradisjon “er me alle einige om at me hadde hatt ein fin tur”. Me er vel heime, norsk-eksamen er unagjort og no er det berre att å sei tusen, tusen takk til alle som gjorde turen mogeleg for oss.



Synfaring i Oslo på sykkel.
Kvar skal me no?

Magdas kjøkken

Teater-framsyning

Hafslo omsorgssenter fekk førespurnad frå Sogndal, Leikanger og Luster demensforening om me var interesserte i teaterframsyning på omsorgssenteret 3.april, og det var me sjølvsagt.

Me inviterte bebuarar og pårørande, og hadde felles middag med rømmegraut før framsyninga.

Teaterframsyninga heitte Magdas kjøkken, og var ein interaktiv teaterkabaret, med mykje song, rytmar og bevegelse, der publikum var aktivt med undervegs. Handlinga var plassert i eit kjøkken frå 50- og 60- talet, med bruk av kjende ting frå den tida, som kjøkken-gardiner, kaffikjele, store sportshendingar og kjenningsmelodiar til radioprogram. Framsyninga var godt tilpassa personar med demens, men også og fin for andre.

Me hadde ein triveleg ettermiddag, og både bebuarar og pårørande var veldig fornøgde med framsyninga. Ei stor takk til Demensforeninga som gav oss dette tilbodet!



Søstrene Magda og Mette blir spelt av Reidum Gløsen og Lene Kristiansen.

Opning av dagsenteret på Hafslo

Hafslo omsorgssenter hadde offisiell åpning av nye lokale 10. april. Varaordførar Marit Aakre Tennø klipte snora og hadde med blomsterhelsing. Alle brukarane på dagsenteret og deira pårørande var til stades. I tillegg skapte Per Fossøy og Asbjørg Ormberg god stemning med flott musikk og allsang. Det var servering av snittar som brukarar og tilsette hadde laga og marsipankake. Både brukarane og dei pårørande var godt fornøgde med både feiringa og dei nye lokala me har fått.

Dagsenteret er eit tilbod til heimebuande med ein demensdiagnose. Det er ope måndag, onsdag og fredag frå kl. 09-15.00. Dei tilsette hentar og bringar heim brukarane.

På dagsenteret driv me med ulike aktivitetar som å lage tennbrikettar, så frø, uteaktivitetar i hagen, og me har ulike tema etter årstid og høgtider. Då me har eigen bil reiser me på turar og kafebesøk. Kvar dag har me ei trimøkt der me trimmar til musikk.

I haust fekk me oss ei flott grillhytte i hagen som me kan bruka heile året. Denne vart sett opp på dugnad av nokre tilsette med ektefellar. Stor takk til dei. Me vil også takka Ernst Rune Melheim og Hans Nes bygg for hjelp til grunnarbeid og rekkverk/rampe og platning under hytta. Me er særskilt takknemlege for den hjelpa me fekk frå dykk ☺



Ein flott dugnadsgjeng har sett opp grillhytte i hagen.



Datahjelpa Luster

- rettleiingstilbod for digitale tenester

Samarbeid mellom kommune og bygdelaga.

I Luster kommune har me starta opp Datakafé i dei ulike bygdene;

Hafslo, Indre Hafslo, Gaupne, Jostedal, Luster og Skjolden.

Takka vere godt samarbeid med dei ulike bygdelaga, er det no etablert eit desentralisert tilbod som mange har nytta seg av. I tillegg til å vera ein læreplass for data, er det òg ein lokal sosial møteplass i bygdene!

På kvar kafé blir det undervist i ulike tema. Det er med frivillige datahjelparar på kvar samling og sjølvsgat blir det kaffi og sosialt i løpet av kvelden!

I vår har me hatt mellom anna desse tema:

- Facebook
- Nettbank
- E-post
- Bilete m.m.

Her er nokre av tilbakemeldingane me har fått:

- ▶ «Godt nøgd, ønskjer at dette held fram til hausten.»
- ▶ «Ein del smarte løysningar som eg ikkje visste om»
- ▶ «Nyttig og fint»
- ▶ «Bestilling av bilettar!»
- ▶ «Håpar det blir kurs til hausten. Deltakarane kan ev. betale litt dersom det er lettare å få det til».
- ▶ «Har framleis mykje eg lurar på».

Elisabeth Orrestad har ilag med Linda Goldmann overteke koordineringsansvaret for Datahjelpa i Luster. Dei er godt i gang, og ønskjer å treffe dei ulike bygdelaga og datahjelparane for å planlegge hausten. Dei kjem gjerne på besøk til bygdelaga. Har du tankar om Datahjelpa eller ønskjer å vera med som datahjelpar, vil me gjerne høyre frå deg!

Ta kontakt med elisabeth.bondevik.orrestad@luster.kommune.no, tlf: 975 28 699 eller mailto-goldmann@yahoo.com tlf: 470 13 690.



Elisabeth Bondevik Orrestad og Linda Goldmann koordinerer Datahjelpa.

Brosjyre

Ønskjer du å vere med?

- Ta kontakt med etablerte tilbod
- Sjå www.luster.kommune.no → søk: Datahjelpa

Vi ønskjer fleire frivillige datahjelparar i alle aldrar!

Er du interessert? Ta kontakt med ditt bygdelag eller

Elisabeth Bondevik Orrestad prosjektleiar «Aktiv alderdom»
E-post: elisabeth.bondevik.orrestad@luster.kommune.no
Tlf.: 57 68 55 00

Arbeid og aktivitet – tverrfagleg samarbeid i rusomsorga

«Arbeid og aktivitet» er eit 4 års prosjekt finansiert av midlar frå Helsedirektorat. Hovudmål er å hjelpe deg som er i tilfriskning frå rus ut i meningsfull aktivitet.

I Luster kommune har me starta opp med eit tiltak innan rusomsorga med fokus på arbeid og aktivitet.

Målsettinga med dette er å gje kandidatar med rus eller rusrelaterte utfordringar eit tilbod når det gjeld arbeid og aktivitet. Etter langt fråvær frå det ordinære arbeidsliv kan det være utfordrande å komme seg ut i ordinært arbeid. Det kan òg være ønskje og behov for å sjå på ny karriereveg. Me ønskjer å sjå på den enkelte sine ressursar og mulegheiter når det gjeld arbeid og aktivitet. Det som er

Tiltaket "Arbeid og aktivitet" skal etablere fleire ulike tilbod som:

- Aktivitetar på kveldstid
- Møteplassar
- Arbeid
- Rettleiing mot utdanning

Aktivitetstilbod	Arbeid	Utdanning
<ul style="list-style-type: none"> • Møteplass • Temakveld • Spel • Turar 	<ul style="list-style-type: none"> • Privat næringsliv • Kommunalt • Industri • Reiseliv • Helse og omsorg 	<ul style="list-style-type: none"> • Studiekompetanse • Fagbrev • Praxis

viktig for oss er mellom anna:

- kva er viktig for deg?
- Kva likar du?
- Kva kan du?

Me ønskjer å tilby deg:

- Aktivitetstilbod på ettermiddag

- Møteplassar
- Arbeid
- Rettleiing mot utdanning
- Samfunnsnyttige oppgåver i høve sivil straff

Me har eit godt samarbeid med ulike einingar i kommunen, med tanke på ulike aktuelle «oppdrag» som dei treng hjelp til. Dette er alt frå sosiale oppdrag til konkret praktisk arbeid. Me ønskjer å vidareutvikle dette samarbeidet med lokale bedrifter, og lag og organisasjonar i kommunen.

Har du som arbeidsgjevar/leiar:

- Aktuelle arbeidsoppdrag som du treng hjelp til?
- Aktivitetstilbod som kan vera aktuelt?
- Lyst å samarbeide med oss om å finne meningsfulle aktivitetar for denne gruppa?
- Tankar eller idèar omkring dette temaet?

Me vil gjerne høyre frå deg!

Ta gjerne kontakt med prosjektleiar : elisabeth.bondevik.orrestad@luster.kommune.no

Datahjelpa Luster

- rettleiingstilbod for digitale tenester

Smarttelefon, nettbrett, smarttelefon og internett blir stadig ein større del av kvardagen. Teknologien utviklar seg raskt, men finn du fram?

Har du smarttelefon, nettbrett eller PC og har lyst til å lære meir?

Datakafé er for alle nivå og er både lærerik og sosialt!



Etablerte tilbod

Datakafé	Kontakt
Indre Hafslo bygde- og ungdomslag	Mirjam Tverberg Tlf.: 481 56 218
Hafslo bygdelag	Marit Kvalen Tlf.: 950 02 065
Skjolden bygdelag	Torill Neverdal Tlf.: 416 25 724
Luster bygdelag	Øystein Svabo Høyheim Tlf.: 971 01 747
Jostedal bygdelag	Mette F. Reinertsen Tlf.: 917 15 162
Gaupne, frivillige	Tiril Louise Karlén Tlf.: 989 96 174
Tidspunkt og tilbod	
Luster rådhus (Servicetorget)	Tysdagar 12:30-15:00
Luster bibliotek	Torsdagar 16:00-18:00
1 til 1 opplæring	
Luster rådhus med lærling	Ting tid på førehand tlf.: 57 68 55 00
Elevar på Luster ungdomsskule er datahjelpapar for flyktringar	
Luster vaksenopplæring ein fredag i månaden	

Demenskoordinator

Luster kommune oppretta i februar 2018 ein funksjon som demenskoordinator.

Når ein person får demensdiagnose av legen vil han/ho innan kort tid, om det er ønskeleg, bli kontakta av demenskoordinatoren i kommunen. Demenskoordinatoren vert den som følgjer opp personen med diagnosen demens og dei pårørande om dei har spørsmål, eller berre treng nokon å snakke med om ulike problemstillingar som oppstår.

Demenskoordinator er Anne Grete Fredheim. Ho kan ein nå på telefon 40406803 onsdagar og fredagar mellom kl 08.00-15.00. Ho reiser også heim til personar som har fått ein demensdiagnose/pårørande og har samtalar/oppfølging om ønskeleg.

Demenskoordinatoren sine oppgaver vil, i tillegg til å følge opp dei som har fått diagnosen demens, vere å informere om ulike tenester ein kan søke på, og hjelpe til med å samordne desse tenestene til beste for dei som har fått diagnosen og deira pårørande. Døme på tenester er: Informasjon:

Demenskoordinatoren kan hjelpe til med å skaffe deg/dykk

informasjon om demens i form av brosjyrar, nettsider, namn på aktuelle foreningar og liknande.

Dagtilbod:

Kommunen har eit tilbod på Hafslo måndag – onsdag – fredag ca.kl 09.00 – 15.00 for heimebuande som har diagnosen demens. Her vert ein henta og bringa heim av personalet som jobbar på dagsenteret. På dagsenteret driv ein med ulike aktivitetar inne og ute. Det vert servert frukost og varm lunsj kvar dag.

Velferdsteknologi og hjelpemiddel:

Det finst mange ulike hjelpemiddel som kan gjere kvardagen enklare å meistre. Døme på dette er GPS og elektronisk kalender. Koordinator kan setje deg i kontakt med ergoterapeut, og kan saman med han hjelpe deg med å finne ut kva hjelpemiddel du kan ha nytte av, og hjelpe deg med å skaffe/søke på desse

Støttekontakt/aktivitetsven:

Demenskoordinatoren kan informere deg, og hjelpe til å søke om denne tenesta viss du treng hjelp til å kome deg ut.

Rettigheter:

Koordinator kan hjelpe deg/dykk med å finne ut kva ret-



Anne Grete Freheim er demenskoordinator i Luster kommune

tigheter du/de har i høve ulike stønadsordningar.

Heimesjukepleien/heimehjelp:

Demenskoordinatoren kan opprette kontakt mellom heimesjukepleien og den med diagnosen demens når behovet oppstår.

Personalnytt



Alexander Tveit Beheim frå Hafslo arbeider med byggesaker.



Øyvind Mo Hiller frå Lærdal er starta på oppmålingsavdelinga.

Opning av dagsenteret på Grandmo

Busenteret på Grandmo opna i oktober 2018 eit nytt dagsenter for brukarane som tilhøyrer Grandmo. Dette vart gjort for å gi brukarane eit litt anna tilbod enn det har vore tidlegare og at dei skal ha eit jobb tilbod der dei føler at dei ER på jobb og gjer eit ARBEID.

Etter ein del planlegging vart det lagt til rette for at brukarane lagar tennbrikettar av aviser, målar og dekorerer glas og lys, klipper frimerke av konvoluttar (desse frimerka vert sende til tubfrim), veving og utfører makulering.

Brukarane har «ruter» dei går på faste dagar, bl.a. hentar ein brukar tomme glas på omsorgsenteret kvar måndag og leverar dei i konteinaren ved Prix. Brukarane har og faste «ruter» der dei hentar aviser hjå ulike bedrifter og hentar frimerke på ulike plassar i Gaupne. Etter å ha henta avisene, er ei arbeid-soppgåve å fjerna stiftane i avisene og deretter dela dei opp i strimler som ein så rullar saman. Deretter vert dei dyppa i smelta



Anne Karin vev


stearin. Så her er mange arbeid-soppgåver av ulik vanskegrad, slik at mange av brukarane kan ta del arbeidet med å lage tennbrikettar. Dette har vorte ein jobb som brukarane likar veldig godt å jobba med, og er det første dei spør etter når dei kjem på jobb!!

Brukarane samlar og inn stearin-lys fleire plassar og hentar desse på sine arbeidsruter. Ved å ha slike «ruter» får og brukarane litt fysisk aktivitet i tillegg til at ein i løpet av kvar arbeidsdag har ei treningsøkt.

Alle har med seg matpakke på jobb, men til jul og påske lagar me felles lunsj.

I desember hadde Grandmo dagsenter open dag og inviterte familie/pårørande og bygdefolk til å komma innom. Det vart ein vellukka dag med masse besøk og brukarane fekk selt masse av det dei hadde produsert. I tillegg vart det selt kaffi og kaker.

Tennbrikettane som vert laga er ein av aktivitetane som brukarane tykkjer er veldig kjekt å jobba med, og desse vert selde til 50 kr. posen. På servicetorget på rådhuset står ei hylla med



Audhild makulerer

posar som ein kan kjøpa og på Gaupne omsorgscenter står det ein kasse med tennbrikettar om ein ønskjer å kjøpa der. Der står og ein gul sparegris slik at ein kan betala kontant, elles har dagsenteret vipps som kan brukast.

Me ynskjer oss ei kjerre til å frakta det me hentar frå dei ulike plassane, så om nokon har ei slik ståande som ikkje vert brukt, vert me veldig glade for å overta den.



Reidun rullar avisepapir til tennbrikettar



Selam og Irene lagar tennbrikettar

Omsorgsenter som arena for opplæring og praksis

Gjennom heile året har omsorgsentra lærlingar, sjukepleiarstudentar og andre elevar frå vidaregåande skule som treng praksis i institusjonane våre. Fleire lærlingar tek fagbrev kvart år, og nokon startar etterpå i jobb hos oss. Omsorgsentra har fagkunnskap og praksis som må til i utdanning deira. Instruktørane formidlar og hjelper til så læringa blir optimal. Sogn Opplæringskontor er ansvarleg for opplegg og oppfølging. Det er regelmessig møte mellom lærling, instruktør, fagleg leiar og Opplæringskontoret.

Luster omsorgsenter

I vår har me hatt 2 sjukepleiarstudentar i praksis. Dei har 8 vekers praksis i generell sjukepleie. Denne ordninga kjem til å fortsette, då det no berre er langtidsplassar i Luster. Hausten 18 starta Sogndal vidaregåande skule opp med 4 årig utdanning for helsefagarbeidarar tilrettelagt for flyktningar. Deira læretid er vesentleg utvida, og føl eit anna opplegg enn den vanlege helsefagutdanninga.



Elev Mesent Woldemariam og rettleiar Laila Bruhaug

Her går teori og praksis hånd i hånd, og elevane er 2 dagar i arbeid og 3 dagar på skulen gjennom heile året.

Det er Gaupne og Luster som har desse elevane, og me opplever det som ein veldig fin ordning. Me blir godt kjende med elevane når dei er hos oss så lenge.

Gaupne omsorgsenter

Me har kvar haust og vår elevar frå vg1 og vg2 –helsefag- i praksis, siste året har me hatt ele-

var frå både Sygna og Sogndal Vidaregåande.

Me har sjukepleiar studentar i fordjupningspraksis/valfri praksis, på KA, kvar vår og haust. No i vår har me og sjukepleiarstudent i heimesjukepleien. Kven som er kontaktsjukepleiar/instruktørar prøver me å rullere på, men me har stort sett 2 pr student pga turnus.

I vinter har instruktør/hjelpepleiar Astrid Storli fulgt opp 4 lærlingar, som alle har hatt 4 veker av læretida på KA.

Siste halvåret har og 2 av sjukepleiarane frå Luster Omsorgsenter fått moglegheit til å hospitere på KA i 2 veker.

Vernepleiar studentar er og ute i praksis på omsorgsentera med jamne mellomrom, dei skal då ha grunnleggjande praksis tidleg i forløpet, dette bør vera på institusjon og det er då naturleg at dette framover blir mest av i Luster.

Det er kjekt å bidra med kunnskap og erfaring i lærings-situasjonar, og me tykkjer det er svært positivt å ha elevlar/studentar og lærlingar.

Me trur og at dette er positivt for brukarane våre.

Hjarteleg takk



Takkar hjarteleg for minnegåva me fekk i samband med gravferda til Ola Vigdal

Helsing
Gaupne omsorgsenter
Tone Kjærvik Kveane
Einingsleiar

Takkar hjarteleg for minnegåva me fekk i samband med gravferda til Per Hauge

Helsing
Luster omsorgsenter
Liv Hunshamar
Einingsleiar

Takkar hjarteleg for minnegåva me fekk i samband med gravferda til Kåre Johan Haugen

Helsing
Hafslo omsorgsenter
Ruth Karin Kvam
Einingsleiar

Jubileum

NFU Luster lokallag skal i november feira 40-årsjubileum, fortel dei til Lustranytt.

Norsk forbund for utviklingshemmede er ein organisasjon som jobbar for at menneske med utviklingshemming skal ha eit meningsfylt liv på lik linje med alle andre.

I 1991 kom reforma for menneske med utviklingshemming som sa at alle:

- skal få bu der dei vil
- ha eit arbeid å gå til
- ha ei meningsfull fritid
- få den helsehjelpa dei treng

Å skapa gode haldningar er eit viktig arbeid for oss i NFU.

Mange frå vår kommune budde på institusjonar og distriktsheimar andre plassar fordi det ikkje var tilbod til dei her.

I 1979 vart vårt eige lokallag skipa. Fire familiar møtte på Eikum Hotell, ein person frå fylkesstyret i NFU var med på møtet. Laget vårt fekk namnet Luster foreldrelag for funksjonshemma. Det blei mange oppgåver og utfordringar for oss, men etter kvart kom fleire til, og i dag er me 31 medlemar.

Tidlegare var me kvar sommar på helgatur. Fleire gonger til Hauglandssenteret og Merket, eit ferie- og fritidssenter på Golsfjellet. Me har vore på Langedrag, Bjørneparken mm. Dei siste åra har det vorte meir dagsturar.

Elles har me Roseklubb siste fredag i kvar månad, og sommaravslutning med grilling og kaffi i juni. I november er det adventsfest med gjester, div aktivitetar, god mat og fin musikk.

Me deltek på ulike arrangement på fylkesnivå som kulturfestival kvar vår, sommar- og vinterleikar, kurs og samlingar.



Det var stor interesse for kursa på alle omsorgssentra i kommunen.

Førstehjelp og hjertestartarkurs på omsorgssentra i kommunen

Hausten 2018 og våren 2019 vart det halde førstehjelpskurs på alle omsorgssentra i kommunen.

Helsepersonell har plikt til å gi helsehjelp der det trengst, og det er derfor viktig at alle kan førstehjelp og får høve til å trene regelmessig.

Ove Fortun stod for kurs og regi, og det var stor interesse for kursa.

Alle tilsette i Pleie og omsorg hadde tilbod om å ta kurs, og me hadde med tilsette frå alle einingar – tenestekontor, sentralkjokken, heimehjelp-er, Grandmo heimeteneste, heimesjukepleien og institusjon.

Førstehjelpskursa var på 3 timar og tema var:

På skadestad, bevisstlaus pasient, hjerte-lungeredning, brannskade, blødningar, brystsmerte, drypp, hjerne-slag og praktiske øvingar.

«Little – Anne» var med, og alle fekk øva på hjerte og lungeredning og andre akutte hendingar.

Hjertestartar er no på plass på alle omsorgssentra, og i haust/vår fekk mange av dei tilsette opplæring i bruk av

denne. Før kurset fekk alle utdelt boka DHLR- Norsk grunnkurs i HLR med hjertestartar. Så måtte alle gjennomgå eit teoretisk e-læringskurs med påfølgande test. Denne måtte vera bestått før det praktiske kurset med Ove.

Det praktiske hjertestartarkurset var på 2 timar, og her fekk alle øva og ta i bruk hjertestartaren. Dette førte fram til kursbevis som viser at ein meistrar dei viktige ferdigheitene i varsling, HRL og bruk av hjertestartar. No skal me øva regelmessig for å halda ferdigheitene ved like, og me er alle betre rusta til å hjelpe både på og utanfor arbeidsplassen.



Ove Fortun har lang erfaring med å halde førstehjelpskurs.

«Palliasjon er aktiv behandling, pleie og omsorg for pasienter med inkurabel sykdom og kort forventet levetid. Lindring av pasientens fysiske smerter og andre plagsomme symptomer står sentralt, sammen med tiltak rettet mot psykiske, sosiale og åndelige/eksistensielle problemer. Målet med all behandling, pleie og omsorg er best mulig livskvalitet for pasienten og de pårørende. Palliativ behandling og omsorg verken fremskyn-

der døden eller forlenger selve dødsprosessen, men ser på døden som en del av livet.» (European Association for Palliative Care, EAPC, og Verdens helseorganisasjon, WHO)

I 2011 kom WHO med en ny definisjon av palliasjon, hvor det fremgår at prinsippene er anvendbare overfor alle pasienter med livstruende sykdom, og også kan anvendes tidlig i sykdomsforløpet .

Palliativt rom

Hausten 2018 kunne Luster kommune tilby pasientar med behov for lindrande omsorg – palliativt rom.

Det palliative rommet er å finne ved kortidsavdelinga (KA) på Gaupne Omsorgssenter. Det er innreia slik at det skal vere ein god plass å vera for den som er alvorleg sjuk . I tillegg til pasientrommet har me og møblert naborommet, slik at dette kan nyttast til opphaldsrom. Opphaldsrommet er innreia med sofagruppe. Begge romma har sjukehus seng, gode stolar, kjøleskåp på rommet, slik at ein kan styre litt sjølv, om det er ønskjeleg.

Dette for å

- gi pasient og pårørende moglegheit til å vere saman som familie
- pårørende kan overnatte
- pasient som er sengeliggande treng ikkje ha «besøk» på sitt soverom
- pårørende kan ha moglegheit til å trekke seg litt tilbake
- om dei er fleire , dele seg litt og ha moglegheit til å kvile litt

Me ønskjer at dei pårørende skal få vera tilstades så mykje som mogleg, då pårørende er viktig for pasienten og me er oppteken av å ivareta både



pasient og pårørende på best mogleg vis.

Tilsynslegen er på KA på føremiddag på kvardagar og set av tid til samtalar når det er ynskjeleg.

KA vil få takka:

Gaupne helselag for lokal kunst til utsmykking av romma
Luster bok for barnebøker som skal vera på desse romma
Aldersheimsfondet i Luster, Nes og Fortun for pengegåve på 2.000 kr

Velferdsstyret ved Luster Eldresenter for pengegåve på 20.000 kr
 (pengegåvene vert nytta på palliativt rom)



Rask psykisk helsehjelp (RPH)

Nytt helsetilbod i Luster kommune



No kan du få hjelp utan lang ventetid sånn at problema ikkje utviklar seg. I Rask psykisk helsehjelp (RPH) er det låg terskel for å oppsøke hjelp. RPH bygger på at ikkje alle som treng hjelp for lidningar, treng langvarig behandling. Kognitiv terapi, rettleia sjølvhjelp og gruppetilbod kan vere svært effektfullt.

RPH er eit tilbod til deg over 16 år som opplever at du har behov for hjelp til å takle lettare psykiske helseplager. Sidan januar 2019 har RPH vore tilgjengeleg for alle innbyggjarane i Luster kommune og Psykisk helseteam er godt i gang med å bruke behandlingsmetoden i arbeidet sitt. Psykisk helseteam er tverrfagleg samansett med brei og god kompetanse. Alle tilsette har vidareutdanning i kognitiv åtferdsterapi. Når det er hensiktsmessig samarbeider teamet med andre instansar etter avtale med deg.

Tilbodet er gratis
Du treng ikkje tilvising frå lege

Kven er tilbodet for?

Rask psykisk helsehjelp er eit lågterskeltilbod til unge og vaksne over 16 år med:

- Milde til moderate depresjonsplager
- Ulike angstlidningar
- Søvnvanskar
- Byrjande rusproblem

Målet er at du skal oppleve:

- Auka meistring i kvardagen
- Få betre livskvalitet
- Mindre symptom

Korleis?

Rask psykisk helsehjelp tilbyr kognitiv terapi som er ein godt dokumentert behandlingsmetode for psykiske lidningar. Du deltek aktivt sjølv i prosessen og behandlinga består enten av:

- Kurs i meistring av depresjon eller angst (startar opp hausten 2019)
- Rettleia sjølvhjelp med oppfølgingsamtalar via telefon
- Individuelle samtalar

«Rask psykisk helsehjelp gir bedre resultater enn vanlig oppfølging. Nye tall fra Folkehelseinstituttet viser markant bedre resultater av Rask psykisk helsehjelp enn vanlig tilbud for mennesker med depresjon, angst eller søvnproblemer. I kontrollgruppen, som til dels fikk hjelp av fastlege og eventuelt psykolog utenfor Rask psykisk helsehjelp, ble 36,9 prosent friske. 6 av 10 ble friske etter å ha fått Rask psykisk helsehjelp». Forsker Robert Smith ved Folkehelseinstituttet.



Vivi Ann Abelsen, Randi Kalstad, Silje Systad Moen.

Ved behov for langvarig terapi, vert det tilvist vidare i samarbeid med fastlege.

Tenkjer du at dette kan vere noko for deg, ta kontakt med oss for meir informasjon og hjelp:

Telefon: 57 68 56 37

E-post:

rask.psykisk.helsehjelp@luster.kommune.no



Jenny med hunden Ask, Jonas og Chrisander nyt våren og elvesusen ved Engjedalselva.

Kva er det å vere støttekontakt – treningskontakt?

- Eit tilbod der du kan bidra til å gjere ein forskjell for andre

Omsorgstenesta i Luster tildeler støttekontaktar og treningskontaktar etter behov til innbyggjarar i alle aldrar som treng litt ekstra hjelp og støtte til ulike aktivitetar. Formålet med støttekontakttenesta er at den som mottek tilbodet skal få støtte til å oppleve ei meiningsfull fritid. Det vil difor vere interessene til den du er støttekontakt for som avgjer kva de gjer saman. Det vil såleis vere ulike aktivitetar avhengig av kva den som mottek tenesta ønskjer og har behov for. Eksempel på aktivitetar kan vere turar i skog og mark, kafèbesøk, kinobesøk, delta på ulike arrangement mm. Det er ikkje krav til formell utdan-

ning for å vere støttekontakt. Har du ein indre motivasjon til å vere ein venn for andre, kan det vere nok. Dei som treng støttekontakt er ulike. Difor må også støttekontaktane vere ulike.

Jenny Slinning og Erling Langeteig er to av mange som har vore støtte- og treningskontaktar i fleire år. Både Jenny og Erling tok kontakt fordi dei ønskte å gjere ein forskjell for andre.

Jenny har vore støttekontakt for dei same ungdomane i halvanna år. Ho er vekselvis saman med dei i gruppe og individuelt.

Då Jenny tok til som treningskontakt hadde ho ikkje trudd

det skulle bety så mykje, verken for seg sjølv eller dei ho er kontakt for. Ho ser i dag meir og meir på arbeidet som ei verdifull prioritering av tida i ein elles hektisk kvardag. Ho fortel at det å gå på tur og nyte middagen rundt bålet, eller sykle milevis til krampen tek, er noko av det dei har gjort. Dei har også plukka brennesle og granskot for så å laga mat av det etterpå. Dette er berre nokre av dei tinga Jonas og Chrisander har gjort saman med Jenny.

I møte med Jenny seier ho at møte med desse to gutane handlar om mykje meir enn trening. Rundt bålet, eller på ein stein med utsikt utover vakker natur, kjem dei gode samtalene



Daniel og Erling med hunden Messi er klare for ein ny treningstur

om livet, og anna stort og smått tek plass. Når eg får bidra til ein forskjell i andre sitt liv blir tanken på at det er eit arbeid litt fjern, og pengane blir berre ein bonus.

Jonas og Chrisander har også utvikla eit kameratskap, og kan også gjere aktivitetar saman utan at Jenny er med. Dei legg likevel ikkje skjul på kor mykje Jenny bidreg til ein god livskvalitet. Dei peikar spesielt på naturopplevingar i nærmiljøet som dei ikkje ville fått utan henne som motivator og støttespelar.

Erling har vore støtte- og treningskontakt om lag i 4 år. Han er ein sprek pensjonist, og kan fortelje om mange flotte turar i skog og mark saman med ulike personar han har vore støttekontakt for. Etter fleire år som støttekon-

takt har han i dag utvida tida til å vere saman med to menn i ulike aldrar. Han møter kvar av dei ein gong i veka. Den eine av desse er Daniel. Etter ønskje frå Daniel går dei helst i motbakkar, der dei stadig pressar pulsen mot nye mål. I møte med Daniel og Erling røpar dei at det då ikkje vert så mykje prating i oppoverbakkar. Derimot har dei mange gode samtalar i unnabakkane og gjerne i bilen eller over ein kopp kaffi etter treningsturen.

Daniel er tydeleg på at Erling er blitt ein viktig del av livet hans. Utan motivasjon og avtalar med Erling ville han ikkje fått slike naturopplevingar og dei gode samtalanane. Daniel kan fortelje om mange gode og positive effektar som betre sjølvbilde og fungeringsevne.

Endringar ved tenestekontoret i omsorgstenesta.

I vår flytta dei fleste av personalet på tenestekontoret til Helsesenteret. Ergoterapeut Bjørn Ove Leirdal, fagutviklar Kjell Olav Bondevik, konsulent for menneske med nedsatt funksjonsevne Aud Jorunn Høyheim, konsulent Gunn Wenche Bukve og leiar for omsorgstenesta Kari Olseng Paulsen har no alle kontor i 2 etg, Helsesenteret, opp trappa og til venstre. Alle dørane er godt merka. Telefonnummer er som før.

Konsulent Jane F Molland har flytta til Rådhuset, og er no ein del av staben der. Jane vil framleis jobbe med økonomien i omsorgstenesta, i tillegg til andre oppgåver i økonomiavdelinga. Fagutviklar Kjell Olav Bondevik har permisjon i 80 % av stillinga ut 2019. Han er no utlånt som prosjektleiar innan velferdsteknologi til Utviklingssenteret for sjukeheim og heimesjukepleie. Han jobbar i kommunen i 20 % og er på kontoret på Helsesenteret kvar måndag.

Aage Fjøsne, konsulent i 60 % og ansvar for innleige i einingane, har framleis kontoret på omsorgssenteret. Han jobbar måndag, tysdag og torsdag. Grete Ulviksbakken, som hadde 40 % på innleige, er no hovudtillitsvald for Fagforbundet, og er flytta til Rådhuset. Ann Kristin Teigen og Mary Karin Sagerøy vikarierer no i denne stillinga.

Frå hausten 2019 vil Gunn Wenche Bukve, i tillegg til dei faste arbeidsoppgåvene, vere rådgjevar i praktiske spørsmål i samband med dødsfall for dei som har behov for rettleiing. Meir informasjon vil bli lagt på heimesida til Luster kommune etter sommaren.

Wenche Bruhaug, leiande reinhaldar i omsorgstenesta, har ansvar for reinhaldet på alle einingane. Ho har faste dagar på omsorgssentra, måndagar i Luster, tysdagar i Gaupne, onsdagar på Grandmo og torsdagar på Hafslø. Fredagane er ho i Luster eller der det er behov.

Vil du vere støttekontakt?

Om du som les dette tenkjer at du også kan vere støtte – eller treningskontakt, eller ønskjer å vite meir om å vere dette, kan du kontakte konsulent for menneske med nedsett funksjonsevne, Aud Jorunn Høyheim, på 57685715, eller du kan sende e-post til: aud.jorunn.hoyheim@luster.kommune.no

Velferdsteknologi i Luster kommune

Luster kommune har jobba aktivt med velferdsteknologi i mange år. Dette har blant anna resultert i nytt pasientvarsling-sanlegg på Hafslo omsorgssenter, overgang til digitale tryggleiksalarmar, samt deltaking i regionalt prosjekt.

Målet for vidare satsing på velferdsteknologi er at me skal følgja dei nasjonale føringane, det vil seia at velferdsteknologi skal vera ein integrert del av tenesta innan 2020. For å nå dette målet er Luster med i det regionale prosjektet «Velferdsteknologi i Sogn og Fjordane – Alle skal med». Prosjektleiaren i Luster er prosjektleiari for heile Fylkesprosjektet. Dette gjer at me i Luster er sikra å få ta del i alle dei gode prosessane innan velferdsteknologi i fylket vårt. Konkret vil den vidare satsinga omhandla tenesteinnovasjon, der me jobbar med å ruste omsorgstenesta til å betre kunne ta i bruk velferdsteknologi. Det vil seia at ein yter tenesta på ein måte der velferdsteknologi

er blitt ein integrert del av den daglege omsorga. I dei nasjonale føringane kjem det fram at implementering av velferdsteknologi omhandlar 20% teknologi og 80% organisering av tenesta. Målet er ikkje at velferdsteknologi skal erstatta tenesta me gjev i dag, men supplera den slik av kvaliteten blir endå betre. Dette skal føre til at fleire kan bu lengre heime i eigen bustad og greie seg betre sjølv. Eit konkret tiltak for å få dette til er kompetanseheving blant dei tilsette i omsorgstenesta. Det vert og jobba med auka satsing på digitalisering. Luster kommune, som ein av dei fyrste kommunane i Sogn og Fjordane, ga tilbod om å søke på omsorgstenester elektronisk i 2018. Dette søknadsskjemaet er under evaluering og nytt og betre skjema kjem i løpet av året. Me skal og i løpet av 2019 testa ut digital kommunikasjon mellom omsorgstenesta, pasient og pårørande, der pasient og pårørande kan kommunisera



Kjell Olav Bondevik, Prosjektleiari velferdsteknologi Luster kommune og USHT

med omsorgstenesta via eiga side på Helsenorge.no. Dette kan du lese meir om på Helsenorge sine sider, under «kommunale heimetenester på nett».

Ungdommen engasjerer seg i planane

Ungdommen sitt kommunestyre (UK) si «viktigaste» sak i perioden har vore arbeidet med innspel til kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020-2023.

På møte i januar drøfta UK kva for fysiske aktivitetar og nye anlegg som dei meinte ville vera viktige for unge i Luster kommune for framtida. UK var engasjerte og jobba iherdig med temaet, og på møte i april vedtok dei innspela til planen. Dei

viktigaste anlegga UK meiner bør utviklast er

Turnanlegg med anlegg for dans. UK ser at Idrettshallen i Gaupne er «fullpakka», og at det trengst meir rom for ballspel inne. Det er ynskje om bygging av ein ny idrettshall på Hafslo. Ein turnhall vil og kunne brukast til ulike typar dans, noko det er stor trong for då danseverkstaden bl.a. må bruke skulane til trening og framsyningar. Ein slik hall vil og kunne nyttast til fleire aktivitetar som t.d. kampsport og

boksing.

Tennis anlegg. Uk meiner det ikkje finst rom som pr. i dag er egna til tennis.

Cross-bane. UK meiner dette anlegget må etablerast i samband med motorsport-senteret på Leirmoøyarden.

For framtidige friluftslivs-anlegg vart kajakknaust + anlegg for segling sett på 1. prioritet. Det er pr. i dag berre eit kajakknaust i

Auka valfridom for dei som får middag heimbringa

Med bakgrunn i stortingsmeldinga «Leve Hele Livet», har Luster Kommune frå februar i år innført valfri meny for heimebuande som mottek middag. Stortingsmeldinga har auka fokus på valfridom og brukarmedverknad, noko me har forsøkt å følgje opp med dette nye tiltaket.

No kan dei som mottek middag velja rettar ut frå ein meny, der rettane vil variere frå veke til veke. Med dette opplegget sikrar me at kundane får moglegheit til å påverka kva dei skal få til middag, dessert, og suppe. Tal rettar i løpet av veka vel kundane no sjølve. Ein kan og lata vera å tinge ei veke om ein t.d. skal reise vekk, eller av andre grunnar ikkje treng middag for kortare

eller lengre periodar. Med dette systemet vil kundane bli fakturert ut frå tal rettar dei sjølve har bestilt i motsetnad til tidlegare abonnementsordningar der ein hadde ei fast bestilling på dagar med levering. Ordninga med matombringning er eit tilbod til dei som pga. ulike helsemessige eller andre utfordringar ikkje klarer å lage middagsmat sjølve.

Døme på ein vekesmeny

Meny Matombringning. Luster Omsorgsteneste.

Bestilling for _____ DATO 21.06-27.06



Rettar Middag:	Tal
Koteletter, karbonader(M), potetsalat(M), potetmos(M)	<input type="checkbox"/>
Torskekaker(F,G) , smør(M), gulrotstuing(M, S) , poteter	<input type="checkbox"/>
Seibiff(F,G), smør(M), herregårdsblanding, poteter	<input type="checkbox"/>
Fyllt svinekam, saus(M,S), surkål, kjøtkaker(M), blomkålblanding, og kokte poteter	<input type="checkbox"/>
Salt svinekjøtt med flesk, sjy, vossakorv(M), og raspeballar(G), kålrotstappe(M,S), og kokte poteter	<input type="checkbox"/>
Lapskaus med flatbrød	<input type="checkbox"/>
Dessert og suppe:	
Sjokoladepudding(M) med vaniljesaus(M,E)	<input type="checkbox"/>
Gul Ertersuppe(S)	<input type="checkbox"/>
Fruktkompott med fløytemjøl(M)	<input type="checkbox"/>
Gulrotsuppe(M,S)	<input type="checkbox"/>
Aspargessuppe(M,S)	<input type="checkbox"/>
Soppsuppe(M,S)	<input type="checkbox"/>
Fiskebollar (F,M,SE,SO) med kvit saus(M,SE), gulrot, og poteter.	<input type="checkbox"/>
Fiskepudding(F,M,SO) med kvit saus(M,SE), gulrot, og poteter	<input type="checkbox"/>
Dampa torskf, med smelta smør(M), dampa rotgrønnsaker, og kokte poteter	<input type="checkbox"/>
Dampa Laks(F) med smelta smør(M), dampa gulrøtter, og kokte poteter	<input type="checkbox"/>
Kjøttkaker(M) i brun saus(M,SE) ,med ertestuing(M,SE,SU), og kokte poteter	<input type="checkbox"/>
Kjøttpudding med brun saus(M,SE), kålstuing(M,SE), og kokte poteter	<input type="checkbox"/>
Betasuppe (S) med Flatbrød(G)	<input type="checkbox"/>
Gryterett (S, M) med potetmos(M,SU)	<input type="checkbox"/>
Risengrynsgraut(M) med spekemat og flatbrød(G)	<input type="checkbox"/>
Rømmagraut(M,G) med spekemat og flatbrød(G)	<input type="checkbox"/>
Fleskarøra(M,S) med dampa kålrot, og kokte poteter	<input type="checkbox"/>
Blodpølse, med baconsmør, kålrot, og kokte poteter	<input type="checkbox"/>
Blomkålsuppe (M,S) 3 dl	<input type="checkbox"/>
Tomatsuppe (M, S) 3 dl	<input type="checkbox"/>
Aspargessuppe(M,SE) 3dl	<input type="checkbox"/>
Hermetisk Frukt med vaniljesaus(M,E)	<input type="checkbox"/>
Sviskekompott med fløytemjøl(M)	<input type="checkbox"/>
Byggrynsgraut(M,G) 300g	<input type="checkbox"/>

Arbeidet

Marifjøra og der er det fullt. Kajakk er populært og det trengst naust fleire stader. Dei bør byggjast der det er aktivitet, t.d. på Høyheimsvik og i Skjolden. For segling trengst eit kaianlegg som er tilrettelagt for segling og kajakk.

Trampoline nedfelt i bakken ved skulane.

Sykkelbane og tilrettelegging av baner for terrengsykling.

Innspel til fleire aktivitetstilbod:

1. Turn
2. Kampsport + boksing
3. Volleyball
4. Tennis

Jakob Sandvik, leiar i Ungdommen sitt kommunestyre, og dei andre ungdomane i Luster har sendt sine innspel til kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.





Barn som pårørende

Familiar i motbakke, støtte til barn som pårørende

Ein fjerdedel av barn som er pårørende seier at dei ikkje veit nok om foreldra sin sjukdom. Ifølge forskning (2015) har barna det dårlegare enn foreldre trur.

Kven er barn som pårørende? Mange barn opplever å vere pårørende i løpet av sin oppvekst. Når noko skjer med foreldre eller sysken vert barna sin kvardag påverka. Det er mange årsaker til at barn er pårørende eller at kvardagen vert vanskeleg. Det kan vere forhold som:

- Psykisk sjukdom
- Fysisk sjukdom
- Kronisk sjukdom
- Skade
- Rusmisbruk
- Dødsfall
- Uro/krangling i familien
- Å vere vitne til vald i familien
- Samlivsbrot
- Stor økonomiske utfordringar

- Foreldre som sit i fengsel.

Me veit at:

- Det kan vere vanskeleg for foreldre å snakke med barna og forklare kva utfordringane inneber.
- Det kan vere vanskeleg for barna å snakke med foreldra om opplevingane sine.
- Mange barn synes det er vanskeleg å snakke med andre, fordi dei ikkje vil utleveira familien sin.

Kva treng barn og unge?

- Openheit når nokon i familien er sjuke
- Å vere ein del av fellesskapet
- Å vite og forstå
- Rutinar og føreseielegheit
- Gode arenaer utanfor familien
- Anerkjening, barn treng å vite at deira måte å handtere situasjonen på er ok

Barneansvarleg i kommunen Luster kommune har no fått eigen barneansvarleg som du kan ta direkte kontakt med når du er bekymra for eit barn som pårørende. Barneansvarleg skal fremje barna sine interesser og koordinere hjelpa og tiltaka som barnet treng. På den måten vil alle som arbeider med barn og unge og alle innbyggjarane i Luster ha ein person dei kan ta kontakt med. Dette vil bidra til at barn og unge som pårørende vil få den støtta og hjelpa dei treng når kvardagen vert vanskeleg å handtera.

Kommunen oppfordrar alle som er uroleg for eit barn som pårørende til å ta kontakt med:

Barneansvarleg ved helsestasjon
 Telefon: 57 68 56 05
 E-post: barneansvarleg@luster.kommune.no

Foreldrekurs

Kommune starta i fjor opp med kurs for foreldre til barn under skulealder (0-6 år). Tilbakemelding frå foreldra som har vore på kurs er særst positive. Me følgjer opp og startar med nye kurs til hausten.

Informasjon om tid og stad kjem. Meld deg på til helsestasjon tlf. 576 85 638, eller e-post: berit.skjerdal@luster.kommune.no

Nokre tilbakemeldingar frå foreldre som har vore på kurs:

1. Har du merka noko endring hjå barnet eller hjå deg sjølv etter at du har vore på kurs?

- ▶ Eg er meir tolmodig, og forstår betre kvifor ting skjer.
- ▶ Klarar å stå i at ungane blir sinte og frustrerte.
- ▶ Ja, både hjå barnet og meg sjølv, samt parforholdet.
- ▶ Betre kommunikasjon, meir avslappa, større lykke og uttrykk for glede og kjærlegheit for barnet vårt.
- ▶ Alt har blitt betre, spesielt eg som forelder.
- ▶ Ja, eg har merka forskjell. Mykje betre stemning i heimen.
- ▶ Ting eskalerer ikkje på same måte, alt går rolegare for seg.

2. Vil du anbefale kurset til nokon du kjenner?

- ▶ Ja, absolutt!
- ▶ Alle har godt av slike kurs.
- ▶ Definitivt!

Circle of Security (COS) er ein modell som skal hjelpe foreldre til å forstå kvifor barn oppfører seg som dei gjer, og korleis barn kan få hjelp på ein

Luster kommune

Foreldrekurset er eit lågterskeltilbod som kan vera til glede for alle foreldre. Kurset passar for foreldre med barn og ungdom i alle aldrar.

Målet er at barnet ditt skal få hjelp til å kjenna seg trygg, få betre sjølvkjensle og sjølvtilitt. På den måten kan barnet stå sterkare rusta til å møte utfordringar i livet.

Foreldrekurset er basert på metoden Circle of Security (COS) eller tryggleikssirkelen.

COS kan koma til glede og nytte i alle relasjonar - ikkje berre mellom deg og ditt barn

Barn kjem, tru det eller ei, med ei bruksanvisning. Men me må ta på oss dei rette brillene for å klare å lese ho!

Ein trygg relasjon mellom barn og foreldre kan gje barnet eit sterkare psykologisk immunforsvar

utviklingsstøttande måte. Det skal hjelpe barn til å utvikle god sjølvregulering og sosial kompetanse. COS – programmet er basert på dei siste tiårs forskning på korleis foreldre - barn relasjonar kan støttast og styrkast.

«Barnet mitt kan vere sint, sutrete, redd, klengete – høyrer ikkje etter, har dårleg sjølvkjensle eller strevar med venner og søskenkrangel...» Kjenner du deg att i noko av dette? Eller kanskje du berre ynskjer å lære litt meir om korleis du kan hjelpe barnet ditt til å bli tryggare og utvikle sosiale ferdigheter? Då håpar me at dette kurset er noko for deg.

Barn med ein trygg relasjon til foreldre, er i større grad i stand til å:

- Oppleve meir glede med foreldra
- Føle mindre sinne ovanfor foreldra
- Spørje foreldra for hjelp når dei har det vanskeleg
- Løse problem på eiga hand
- Gå betre overeins med vener
- Få langvarige relasjonar til vener
- Løse problem med vener

Illustrasjon frå brosjyren til kurset

- Få betre relasjonar med sysken
- Få høgare sjølvtilitt og sjølvkjensle
- Vite at dei fleste problem har ein løysing
- Få tillit til at gode ting vil skjje
- Få tillit til menneska dei er glade i
- Vite korleis ein er god med menneskja rundt seg

Kven er kurset for?

Dette er eit kurs for alle foreldre til barn under skulealder (0-6 år), som ynskjer å lære om samspellet med barnet og om kva som skjer mellom foreldre/barn i forskjellige situasjonar. Målet er at barnet skal stå sterkare rusta til å møte utfordringar ein møter i livet samt bidra til eit godt samspel mellom deg og barna dine.

Om kurset

Kurset går over 8 gonger og varer i 1,5 time kvar gong. Kvar gong har eige tema. I gruppa bestemmer du sjølv kor mykje du vil dele av eigne erfaringar.



friskus

Les om den digitale aktivitetsskalenderen som Luster kommune snart skal ta i bruk!

- ▶ Friskus vil gi deg som innbyggjar ei god oversikt på kva aktivitetar, arrangement og oppdrag som fins i nærleiken av deg og du kan filtrere på stad, dato og interesse.
- ▶ Kommunale einingar, lag og organisasjonar har mange val – sjå døme!
- ▶ Du som innbyggjar kan «shoppe» frivillige oppdrag når det passar deg. Det kan vere alt frå å steike lappar på ein fotballkamp til å ta med deg hunden på omsorgssentret!
- ▶ Friskus er enkel i bruk og her er det ingen reklame.
- ▶ Du kan t.d. hake av på «Skjolden», «Jostedal» eller «Indre Hafslo» for å sjå alle aktivitetar i dei ulike bygdene. Du kan leite fram arrangement i eit gitt tidsrom, eller du kan filtrere utifrå kostnad på aktivitetar.
- ▶ Aktivitetar/oppdrag kan delast direkte inn i din kalender på mobil, nettbrett mm., og det kan enkelt formidlast ut via facebook, heimeside, og e-post
- ▶ Friskus vil forenkle arbeidssoppgåver for dei som vil rekruttere frivillige til ulike oppdrag.
- ▶ Fleire og fleire kommunar tek i bruk Friskus.

Nokre døme på korleis kommunale einingar, lag og organ-

isasjonar kan nytte den digitale aktivitetsplanen!

- **Oppvekst- skule/ barnehage:** Synleggjere temadagar, arrangement, elevførestillingar osv. Rekruttere frivillige eldre til skule/bhg.: Mobbevakter i friminutta, vaksne som kan dele kultur/ historie/ matlagingsstradisjonar m.m. Være kreativ og tilpasse oppdrag utifrå dine behov i di eining.
- **Idrett (treningscenter, idrettslag m.fl):** Synleggjere faste trenings- og aktivitetstilbod samt arrangement. Rekruttere frivillige til for eksempel steike lappar på fotballkamp.
- **Bygdelag/grendalag /strikkeklubb/bridgelag/husflidslag m.fl.:** Synleggjere all lokal aktivitet og arrangement, leggje ut oppdrag til frivillige.
- **Lokale møteplassar:** Synleggjere aktivitetar, arrangement, tilstellingar, leggje ut oppdrag til frivillige mm.
- **Helse og omsorg:** Synleggjere trening/ trimgrupper/ arrangement og aktivitetar for seniorar. Legge ut oppdrag til frivillige, f.eks. matvert, dyrebesøk, avislesar, besøksvenn, frivillig til transporthjelp på utflukter osv. Lege/ fysioterapeut/ psykisk helseteam m.fl. kan bruke

Friskus som verktøy i møte med sine pasientar/brukarar – komme i aktivitet, både fysisk og sosialt.

- **Frisklivssentralen Sogn:** Synleggjere sine aktivitetar og kurs. Bruke Friskus som verktøy i arbeidet med å støtte sine brukarar knytt til aktivitet i lokalmiljøet.
- **Kultur (eks: Bibliotek, konsertar, temadagar):** Synleggjere arrangement, kurs, temadagar, faste aktivitetar, konsertar, behov for frivillige til arrangement.
- **NAV:** Kan f.eks. nyttast til integrering, førebygging av utanforskap, isolasjon og barnefattigdom, frivillige oppdrag.
- **Vaksenopplæring:** Nytt oversikta som eit verktøy i undervisning og integrering.
- **Frivillige lag og organisasjonar (Røde Kors, turlag, helse-lag, Lions, 4H osv.):** Legge ut aktivitetar, rekruttere frivillige til oppdrag som besøksvenn m.m.
- **Frivilligsentral:** Synleggjere aktivitetar og arrangement, synleggjere oppdrag til frivillige.

Opplæring/Workshop:

Det vert starta opplæring i kommunen for tilsette i kommunale



Arbeidsgruppa, frå venstre: Elisabeth Bondevik Orrestad, Linda Goldmann og Trine-Anita Systad.

eningar, samt frivillige lag og organisasjonar frå den 20. juni og framover.

Framover vil det bli invitert fortløpande til workshop for at alle skal få høve til å bli godt kjent med Friskus aktivitetsskalendarer.

Arbeidsgruppe vil også tilby opplæring lokalt i di bygd!

Du treffer oss på Lustramarknaden, laurdag 15.juni og søndag 16.juni, så stopp gjerne for ein hyggeleg samtale!

Dersom du har spørsmål eller innspel kan du også ta kontakt med nokon av oss i arbeidsgruppa.

- 1 Trine-Anita Systad-
Tlf. 995 91 977
trine.anita.systad@luster.kommune.no
- 2 Elisabeth Bondevik Orrestad- Tlf. 975 28 699
elisabeth.bondevik.orrestad@luster.kommune.no
- 3 Linda Goldmann-
Tlf. 470 13 690
mailtogoldmann@yahoo.no

Bankstipend

Under Lustramarknaden delte Luster Sparebank ut ungdomsstipendet sitt for 16. året på rad. Vinnarane i år var Henning Kjærвик 18 år frå Jostedalen – Leirdueskyting, og Ingrid Lovise Jåstad 17 år frå Hafslø – Fotball. Kvar av dei fekk 10.000 kroner for å kunne vidareutvikle talentet sitt. Det var Lene Fuhr Sandvik som representerte banken under utdelinga.



Er du uroleg for eit barn eller treng du nokon å snakke med?

«Endeleg har me fått eit digitalt verktøy som samlar all informasjon om barn og unge på ein stad, som gjer det enklare å få ein oversikt». Dette er ein av tilbakemeldingane «Sabu-treet» har fått frå tilsette som arbeider med barn og unge i kommunen.

«It takes a whole village to raise a child», heiter det i eit ordtak. Heile landsbyen må bidra for å gi barna erfaringar og trygghet nok i oppveksten. Heile landsbyen må stille opp for å skape rammene som former gode samfunnsborgarar. Det er nettopp det som er tanken bak «Sabu-treet» å sette fokus på at me alle har eit vaksenansvar, eit ansvar for å passe på, for å sjå. For å tilby ei trygg hand når det trengs. For å vere vaksne for barn.

Oppslagsverk:

- ▶ For deg som er under 18 år
- ▶ For deg som er føresett
- ▶ For deg som er ven/trenar/nabo/fritidsleiar eller er frivillig
- ▶ For deg som arbeider med barn og unge

Her finn du svar på:

- Kva du kan gjere for å hjelpe eit barn du er bekymra for.
- Kven du kan ta kontakt med for råd og rettleiing.
- Kva tenester, tilbod og tiltak finst for utsette barn og unge i Luster kommune og interkommunalt.
- Gode råd til trenarar i barneidretten.
- Kva signal me bør sjå etter hjå utsette barn og unge.
- Korleis me kan bli betre på å



snakke med barn som har det vanskeleg.

- Du kan og sjå filmar ilag med barna dine om vanskelege tema.

Barn og unge

«Sabu-treet» er og laga for at barn og unge sjølv kan finne svar på spørsmål dei lurar på, sjå filmar og få råd til kva dei skal gjere om dei er bekymra for ein ven. Det kan vere mange ting som er vanskeleg å handtere, då er det viktig at barna får vite at det er mange som vil hjelpe dei og at det finst mange vaksne her i Luster som dei kan snakke med om det dei er uroleg for. I «Sabu-treet» får barn og unge informasjon om:


- Kven dei kan snakke med i Luster og hjelpetelefonar nasjonalt
- Korleis dei kan få det betre
- Nettvett
- Vanlege psykiske lidningar hjå barn og unge
- Deira rettigheter

Tilgang til «Sabu-treet»:

1. Luster kommune heimesida, barn og unge, er du uroleg for eit barn?
2. På kvar skule og barnehage si heimeside: Kommunale tenester, er du uroleg for eit barn eller treng du nokon å snakke med?
3. Barn og unge har tilgang gjennom Facebook- gruppa «Ung i Luster» med linken: «Treng du nokon å snakke med?».

Verktøyet kan fint brukast på mobilen, så lenge du har dekning kan du ha tilgang til den overalt.

Ved å scanne denne QR-koden kjem du direkte til «Sabu-treet».





Juleavslutning på seniortreff og alle er klare for god servering.

Seniortreff for deg som bur heime eller i eldrebustad

Seniortreffet er annakvar torsdag kl. 10-14 på aktivitetsstova ved Gaupne omsorgssenter.

Eit samarbeid mellom Luster kommune, Luster frivilligsentral og frivillige personar.

Seniortreffet er for deg som bur heime eller i eldrebustad.

Det blir organisert transport for dei som melder seg på. Påmelding pr. tlf. 57 68 55 00 innan onsdagen før kl. 13.00.

På seniortreffet er det sosialt samvær, underhaldning og balansetrening, samt servering av eit varmt måltid.

Sjå oversikt seniortreff frå hausten 2019.



Gode hjelparar, frå venstre: Kari Bjørg Tandle, Jostein Melheim og Aud Kristin Oma.



Invitasjon til

Seniortreff 2019

Stad: Aktivitetsstova ved Gaupne omsorgssenter

Målgruppe: For deg som bur heime

Tidspunkt:

Torsdagar kl 10.00 - 14.00 på desse datoane:

- 12. September
- 26. September
- 10. Oktober
- 24. Oktober
- 07. November
- 21. November
- 05. Desember

Eigenandel kr. 100,- pr. gong

Transport:

Det blir organisert transport for dei som melder seg på Seniortreff.

Program:

Torsdagane vil innehalde sosialt samvær, underhaldning og balansetrening, samt servering av eit varmt måltid.

Påmelding:

Påmelding pr. telefon til 57 68 55 00 innan onsdagen før kl. 13.00

MØTE MELLOM MENNESKE

Sykkelvenn

Ta med nokon på sykkelturn! Oppdraget er knytta opp til bebuarar på omsorgssenter og eldresenter.

Sykkelvenn er eit tilbod i samarbeid mellom Luster frivilligsentral og Luster Lions v/Leidulf Kvam. Leidulf har ansvar for kursing av dei som vil bli sykkelvenn.

Har du lyst å bli sykkelvenn er det berre å ta kontakt med Luster frivilligsentral så formidlar me kontakt med Leidulf .

Me ynskjer spesielt at pårørende/familie skal ta i bruk syklane!

Syklane er plassert på dei 3 omsorgssentra i kommunen, Luster, Gaupne og Hafslo.

Trehjulingane har elektrisk hjelpemotor. Difor treng ikkje du vere i superform for å vere sykkelvenn!

Sykkelopdrag vil bli formidla via det enkelte omsorgssenter og sykkelvenn.

Ta kontakt med Luster frivilligsentral v/Anita Kjørlaus tlf. 456 65 954.



LUSTER UTSTYRSSENTRAL – er no flytta inn i Friskhuset!

Alle kan låne utstyr gratis

Mange kommunar og organisasjonar har utlånsordningar av utstyr til enkeltpersonar, skular og barnehagar. På ein utstyrssentral kan ein låne/leige billig utstyr til friluft- eller sportsaktivitetar. Dette tilbodet har også Luster! Utstyrssentralen i Luster er ein open sentral der alle har moglegheit for å låne utstyr gratis.

Ved utstyrssentralen er det pr.

i dag grunnleggande turutstyr som tusekkar av ulik storleik, liggjeunderlag, sovepose/ lakenpose, stormkjøkken, fiskeutstyr, gåstavar, hengekøyer, telt, flyte- og redningsvestar og sykklar.

Av vinterutstyr har me utlån av truger, akeutstyr, ski, skistavar og skisko.

For å utvikle og drifte utstyrssentralen er Luster Frivilligsentral avhengig av å få tildelt prosjektmidlar knytta

opp til kjøp av utstyr eller å få donert gåver frå næringsliv, lag og organisasjonar eller enkeltpersonar.

Er dette noko du eller din organisasjon kunne tenke deg å støtte, ta gjerne kontakt med dagleg leiar på Luster Frivilligsentral, Anita Kjørlaus.

Utstyrssentralen finn du ved Luster Frivilligsentral i Friskhuset, Øyagata 16.

Ynskjer du å sjekke ut kva utstyr som er til utlån kan du besøke linken:

<https://luster.frivilligsentral.no/aktivitet?luster-utstyrssentral&Id=3392>

Lån av utstyr må skje i åpningstida 08.00-15.30, og må avtalast på tlf: 456 65 954 eller e.post: post@luster.frivilligsentral.no.



«OPEN DAG»

I sist Lustranytt presenterte Luster Røde Kors Omsorg og Hafslo Røde Kors Omsorg seg og sine aktivitetar i kommunen vår. Dei fortalde blant anna om dei flotte aktivitetane på omsorgssentra og turane dei har. Me håpar dette gav meirsmak, og me vil gjerne utvida med fleire aktivitetar! Etter sommaren inviterer me derfor til ein “open dag” der alle som ynskjer kan komma og få informasjon om kva

aktivitetar og tilbod Røde Kors Omsorg har, eller kan gje. Kanskje du har lyst til å delta i lesegruppe? Eller hjelpa andre med å handle eller gi skyss til og frå butikken? Kanskje vil du vera leksehjelp, vera ekstratante eller reserve-bestefar for ein familie? Alle treng me av og til hjelp til praktiske oppgåver eller nokon å prata med, og kanskje har du nokre timar i månaden du kan dela med andre? Røde Kors

treng både ung og gamal, og alle dei midt imellom! Meir informasjon om tid og stad for “open dag” kjem seinare. Ta gjerne kontakt alt no om du har spørsmål, har lyst til å delta med aktivitet eller vil komma på informasjonsdagen.

Kontakt info

Leiar: Linda Goldmann
mailto:goldmann@yahoo.no
Tlf: 47013690

På utstyrssentralen kan du låne både sykkel og fiskeutstyr.



Mykje skal lærast i nytt land

Mange lustringar har vakse opp i Luster, men mange kjem og frå ulike land, med ulik bakgrunn, frå ulike kulturar og med ulike ressursar og føresetnader. Nokre kjem frå bygd, nokre frå by. Nokre frå land der arbeidslivet byrjar i barndomen, medan ein i andre land prioriterer utdanning før arbeidslivet tek til. I nokre land kan ein eige og drive store verksemdar med mange tilsette utan å kunne lese og skrive, medan ein i andre land går på arbeid den dagen ein treng pengar i handa til å leve for neste dag. I nokre land kjem tida til deg, medan den i andre land går i frå deg.

Felles for alle lustringar, både tilflytte og innfødde er at mykje skal lærast. Nokre får lærdomen om å leva i Noreg og Luster inn med morsmjølka, medan andre lyt tileigna seg kunnskapen i vaksen alder. Felles for både innfødde og tilflytte er ønsket om å ha moglegheita til å vera sjølvstendig og inkludert. NAV sin visjon er «Vi gir mennesker muligheter». Gjennom visjonen ivaretek NAV moglegheit for arbeid, moglegheit for meiningsfull aktivitet og mog-



Mykje læring i felles måltid. Budsjett, handling, kokong, reingjering og fellesskap.

legheit for inntektssikring i høve lovfesta rettar.

I skrivande stund har me over 100 busette i Luster som har kome hit som flyktningar. Dei aller fleste arbeider hardt for å lære språket, få seg utdanning og arbeid og bli integrert lustring. Her kan du lese litt meir om korleis me i NAV arbeider for å bistå flyktningane til moglegheit i bygdå vår.

17. mai-feiring på vaksenopplæringa

Før 17. mai arrangerte elevane og lærarane feiring av nasjonaldagen ved vaksenopplæringa. Målet for dagen var å få innblikk i tradisjonell norsk feiring av nasjonaldagen. Dagen inneheldt norske flagg, rebusløp med lokale og nasjonale spørsmål på norsk, potetløp, kast på blink, kake og is.

Middag på vegetarvis med trongt budsjett

I skulane sine ferieveker får me høve til å nytte skulekjøkkenet ved Luster ungdomsskule. I vinterferien nytta me tid til å sjå på ulike vegetaroppskrifter, sjå på ulike prisar på like varer, setje opp handleliste ut i frå budsjett, gjere innkjøp, kokkelere, reingjere, og til slutt innta herlege vegetarrettar.

Integrering, norskopplæring, arbeidserfaring og norsk språk i tverrfagleg samarbeid.

Frå februar i år har alle elevane



Kva tradisjonar har me for å feire 17. mai? Flyktningtenesta over på potetløp og rebusløp.

i introduksjonsprogrammet vore 3 dagar i veka på opplæring ved vaksenopplæringa og 2 dagar i veka ute i arbeidspraksis. Teamet i flyktingtenesta/vaksenopplæringa har saman med elevane gjort ei kartlegging av ressursar, erfaringar, ønskje og mulegheiter. Ut i frå dette har marknadsteamet delteke i arbeidet med å kontakte arbeidsgjevarar for å finne eigna praksisplassar i ulike verksemdar i kommunen.

Målet med slik arbeidspraksis er at elevane skal lære om norsk arbeidsliv, system, tankegang,

haldningar, pliktar og rettar. I tillegg vonar me at våre nye lustringar knyter kontaktar og får bygd nettverk i lokalsamfunnet gjennom aktiv deltaking i arbeidslivet i bygda. Slik vil også språket bli tileigna.

Lærarane har oppfølging i praksis på arbeidsplanen, og følgjer opp kvar elev og arbeidsgjevar gjennom hyppig arbeidsgjevarkontakt og møte med eleven på arbeidsplass. Elevane har kvar veke oppgåver knytt til praksisen som ein bearbeider på skulen, til dømes aktuelle omgrep på arbeidsstaden, kva

tyder dei ulike oppslaga på arbeidsstad, korleis fyller ein ut timeliste, korleis skriv ein CV og jobbsøknad, kva er mine arbeidssoppgåver, korleis går eg fram dersom barnet mitt er sjuk ein dag, kva er teieplikt og anna.

Luster kommune/NAV Luster har også eit burettleiingsteam og ein økonomirådgjevar som bistår til at flyktningane får den kompetansen som er naudsynt slik at dei skal tilpasse seg den norske kulturen i høve hushald og økonomi.

Språk – og arbeidspraksis

Spørsmål

Til elev:

1. Kor lenge har du vore i praksis her?
2. Kva for arbeidssoppgåver har du?
3. Har du lært noko her, i så fall kva?

Til arbeidsgjevar:

1. Kva gjorde at de valde å ta ein av våre elevar inn i språk- og arbeidspraksis?

2. Kva tenkjer du at di verksemd kan bidra med i denne eleven sitt kvalifiseringsløp knytt til norsk språk, arbeidskultur og integrering?
3. Kva bidreg eleven med hjå dykk?
4. Vil du anbefale andre verksemdar å ta imot våre elevar i praksis? Kvifor?

Svar



Nawar og Oddrun Kristine Høgi

Nawar på Digital Etikett

1. Eg starta her for tre veker sidan.
2. Me lagar etikettar her. Eg hjelper til med pakking, og passar på at etikettane ser fine ut. Så snurrar eg etikettar i rullar, og jobbar litt på datamaskin.
3. Ja, eg lærer både språk og korleis det er å arbeide i Noreg. Oddrun er veldig flink til å lære vekk ting, så eg likar å jobbe med ho.

1. Bedrifta har eit samfunnsansvar, og det er kjekt å få vere med og hjelpe til.
2. Me kan gi han ei god forståing i språk og kultur, og ein introduksjon til korleis eit norsk arbeidsliv er. Me håpar å kunne vere gode referansar for dei som vil komme seg vidare, eventuelt hjelpe dei inn i arbeidslivet på best mogleg vis.
3. Eg vil seie han bidreg med seg sjølv fyrst og fremst. Me lærer av hans kultur, og det er interessant for oss å møte nye menneske og nye kulturar, og det er kjekt for sjølvkjensla vår å få vere med og hjelpe til.
4. Absolutt! Det er berikende både for bedrift og dei som kjem ut i arbeid!

Redwan på Coop Prix

1. Eg har vore i praksis på Coop'en i cirka fire månader.
 2. Eg jobbar med alt mogleg, masse forskjellig. Både fruktavdeling, tørrvarer, registrerer svinn og ryddar og ordnar i hyllene. Sorterer etter dato i hyllene. I tillegg har eg lært litt om posten. Jorunn lærer meg norske sangar også, det er veldig artig!
 3. Ja, masse! Om jobb og språk, og korleis eg skal hjelpe kundar i butikken. Så har eg lært å gi 100%, for då viser eg både kollegaer og kundar at eg har lyst til å gjere ein god jobb! Med tida har eg lyst til å sitje i kassa, så kanskje det kan vere det neste eg lærer her?

1. Me har hatt veldig gode erfaringar med det tidlegare, og så har me lyst til å gi folk ein sjanse.
 2. Fyrst og fremst involvere dei, både på jobb og utanom. Me kan tilby eit mangfald av dialektar som dei i språkpraksis kan bryne seg på. Det er viktig for oss at alle føler seg velkomne, og at dei er med i eit sosialt fellesskap.
 3. Humør! Han gjer det hyggelig å vere på jobb, rett og slett. Det er spennande at han har eit anna syn på nokre ting og ser på ting på ein annan måte. Han gir av heile seg sjølv og er ikkje redd for å ta i eit tak! Redwan er veldig produktiv og effektiv, og får ting gjort.
 4. Ja! Så lenge ein har ein jobb



der ein kan prate med nokon, så ser eg berre fordelar med det! Det er ein stor fordel for begge partar å få til slike samarbeid. Me ser på det som veldig berikande og nyttig i alle fall.

Tammam på apoteket

1. Eg starta her i fjor, i april 2018.
 2. Hjelper kundar, varehandtering, set varer i hyller, ekspederer reseptar og bestiller varer. Varierte arbeidsoppgåver, og det likar eg!
 3. Eg har lært så utruleg mykje her på apoteket. Fyrst og fremst lærte eg at eg måtte vere tålmodig og lære av erfaringane til kollegaene mine. Så las eg meg opp på produkta me sel. Når det gjeld det norske språket, så har eg lært meg mange ord og uttrykk. Eg følte meg stum i starten, men språket mitt utvikla seg fort, og eg fekk god hjelp av kollegaene mine. Det finst mykje kunnskap blant dei tilsette her på apoteket, og difor har eg hatt god nytte av å spørje dei.

1. Det er berikande og moro for oss alle. Det er spennande å lære å kjenne, pluss at det er ein fin moglegheit til å gje nokon ein sjanse i arbeidslivet.
 2. Me har ein avtale om at Tammam kan få jobbe hjå oss til hausten, som vikar, når ein kollega skal ut i permisjon. Tammam



Janos Varadi og Tammam

er utdanna farmasøyt frå Syria, så han er ein god ressurs for oss. I dette tilfellet har me gitt Tammam ein god moglegheit til å ta fatt på arbeidslivet. Me har sett ein veldig fin utvikling hjå Tammam sidan han starta. Han har hatt ein stor framgang, både når det gjeld språk og arbeidsoppgåver! Dette er også grunnen til at me vil tilby han jobb, så det er positivt!
 3. Me har til dømes ofte hatt arabisktalande kundar, og då har Tammamm fungert som ein veldig god tolk. Han har også

bidrege med godt humør. Han har alltid vore veldig imøtekommande og hatt rett innstilling frå starten av. Det er tydeleg at han alltid har vore innstilt på å gjere eit godt arbeid her på apoteket!
 4. Ja, men eg meiner det er ein føresetnad at eleven blir involvert i arbeidet og ikkje berre blir etterlatt til seg sjølv. Det er viktig at eleven føler at han er med og deltek, i eit fellesskap saman med alle andre.

Turkia på Pyramiden kafé

1. Fem månader, eg starta i januar.
2. Lagar mat (både middagar og salatar) , vaskar borda og på kjøkkenet, serverer, ryddar, vaskar opp og smakar på maten eg lagar.
3. Å lage forskjellige måltid, som til dømes laksemiddag, kjøttbol- lar og suppar. Så har eg lært å bruke forskjellige maskiner og ovn/komfyr. I tillegg kan eg lage god kaffi og gode vaflar.

1. For å gi dei ein moglegheit og sjans til å komme inn i arbeid- slivet. Og at det er viktig for dei å lære språket, og vesentleg for å komme ut i arbeid.
2. Me kan tilby arbeidstrening i bedrifta, og at ho må kommu- nisere på norsk med dei andre tilsette og kundar.

3. Veldig masse! Det er rett og slett så mykje lettare å vere på jobb når ho er her. Ho står på, gjer det ho skal og me slepp å fortelje ho kva ho skal gjere. Ho er veldig sjølvstendig, sam- stundes som ho alltid spør om det er noko ho lurar på! Me kan alltid stole på at Turkia gjer ein god jobb. Me merkar godt dei dagane ho er her, for å seie det slik. Alt i alt er ho veldig flink! (Ingvild Høgi Berge - kollega, som svara på dette spørsmålet)
4. Ja! Eg vil anbefale andre verksemder å ta imot elevar, så sant ein er flink til å tilpasse arbeidsoppgåver og progresjon etter elevens føresetnader og målsetjingar.

Ole Johnny Uthus er arbeidsgje- var, han svara på spm 1, 2 og 4.



Ingvild Høgi Berge og Turkia

Ungdomen sitt kommunestyre arrangerte Blås Grønt

UK har igjen arrangert eige «Blås Grønt» på Lus- tralbalder i Gaupne. 37 ungdommar frå 9. klasse og opp til 19 år møtte og på arrangement- et fredagen på Lustralbal- der og vart med i trekninga om flotte premiar. Stein Helge Selland frå politiet rosa dei flotte ungdomane og oppmoda endå fleire om å delta neste år. Sel- land var saman med UK på scena i rådhusparken og trekte dei heldige vin- narane: Synnøve Oklevik vann hovudpremien Ipad. Dei øvrige vinnarane var: Lina Seldal, Helene Søhoel, Amalie Leirdal Solheim og Ellinor Wiese.

Leiar for UK, Ja- kob Sandvik (f.v.), Per Hauge og Simon Gunnestad var ansvarlege for arrangementet og stod for utdeling av premiane. Her er dei saman med Stein Helge Sel- land, politikontakt for Luster.



Det var kø då Ungdommen sitt kommunestyre arrangerte «Blås grønt» i Parken. Foto: Linda Watten.



I samarbeid med Folkeakademiet vart det arrangert gratis underhaldning med godt oppmøte.

«Juleglede 2018» og teater og danseforestilling

Juleglede har dei siste åra vore eit samarbeidsprosjekt mellom Luster Røde Kors, Luster Lions, helsestasjonen i Luster, Gaupne helselag, NAV Luster, Luster frivilligsentral og Sogn barnevern.

Me ynskjer å gjere ein forskjell

for dei familiane som opplever julehøgtida som vanskeleg.

I «Juleglede 2018» hadde me tre hovudsponsorar:

Luster Røde Kors-
(gjensidigestiftelsen)

Luster Lions

Nasjonalforeningen Gaupne

helselag (Tubfrim)

I tillegg var det eit stort engasjement hjå bedrifter og privatpersonar, i og utanfor Luster kommune.

Me ynskjer å takke elevar på Luster ungdomsskule i faget «innsats for andre» GT-bil, JB-Turvogn, Luster sparebank, Lustrabadet, Pyramiden senter, Sogndal fotball og Sogndal Kulturhus som bidrog økonomisk og med gåver.

Det var også mange privatpersonar som bidrog med valfrie beløp og gåver slik at me kunne nytte det på andre måtar, og det vert sett stor pris på kvar og ein!

Alle var med å gjere ein forskjell for nokon som syntes det var vanskeleg å gå jula i møte, ei stor takk til dykk alle!



Askeladden fritheater

«Juleglede 2018» bidrog til at



Marknadsteam i Nav Luster

NAV Luster er eit aktivt kontor med mange gjeremål på Arbeidsmarknaden.

Arbeidsgjevarane i Luster er også aktive og gode samarbeidspartar for NAV og innbyggjarane i kommunen. Me opplever positive haldningar både i arbeid med innkluderingsdugnaden i NAV og rekruttering. Dette er ikkje minst viktig for å lukkast med integringsarbeidet i kommunen. Mange bedrifter har folk både i arbeidstrening og i språkpraksis. I Luster har vi også gjennomført to «jobblopar», ein arbeidspraksis for ungdom over eit heilt år, der tre bedrifter og tre kandidatar deltek. Her er det god oppfølging av både bedriftene og i samarbeid med NAV. Me startar no opp med den tredje «LOOPEN»

på rad. Tilbakemeldingane frå bedriftene og deltakarane er veldig positive.

Fleire og fleire bedrifter melder seg til NAV for rekrutteringsbistand, og vi har god auke i talet på direkte melde stillingar til NAV Luster. Me opplever og at fleire får tilbod om jobb etter å ha delteke på tiltak i ei bedrift.

Me ynskjer at bedrifter som planlegg nyttilsettingar gjerne også kontaktar Nav Luster. Me vil bistå raskt med å finna eventuelle kandidatar som kan passa til jobbane.

Mykje kan ein finne på NAV.no, men det er viktig at bedriftene har direkte telefon til det lokale Navkontoret.

Nav Luster takkar for godt samarbeid med bedriftene i Luster og gleder oss til nye oppdrag. Telefon for arbeidsgjevarar til marknadsteam nav luster:

95901504
Alf Ove Reime

47974448
May Iren Lund



Luster Danseverkstad

71 barn mottok ei personleg gåve eller ei opplevingspakke gjennom dette tiltaket.

Juleglede-arrangement

Den 6. april inviterte arbeidsgruppa til gratis teater og danseforestilling på Gaupne barneskule, i samarbeid med Luster folkeakademi.

Dette arrangementet var ope for alle barn og unge i Luster kommune.

Over 80 møtte, og det var eit

veldig kjekt arrangement for store og små!

Det var Askeladden friteater og Luster danseverkstad som stod for underhaldninga og det vart servert pizzabollar, kaffi og kaker til alle etter underhaldninga.

Her var det mange som var med å bidra til eit vellukka arrangement, me vil derfor rette ei stor takk til alle involverte

samarbeidspartar og til alle som kom og var med oss denne dagen!

Me vil også minne dykk om at samarbeidet med juleglede fortset, og me håpar mange ynskjer å bidra til «Juleglede 2019».

Det vil komme meir informasjon om dette ved eit seinare høve.

TreffpUNGt

Møtestad etter skuletid

TreffpUNGt starta opp 17. september-2018 og vert avslutta den 3.juni.

Det er eit prosjekt som NAV Luster søkte midlar til gjennom Bufdir (Barne, ungdoms og familiedirektoratet) i samarbeid med Luster frivilligsentral.

Prosjektet har vore eit førebyggjande og gratis tiltak for ungdommar i Luster kommune mellom 13 og 25 år med hovudmål om at det skal bidra til å hindre utanforskap og isolasjon, samt at dette er eit tilbod som ikkje krev noko for å delta.

Me har også ønska å skape integrering og ein trygg og god stad å vere saman med andre ungdommar, og det har me heilt klart lukkast med!

Det har blitt eit godt etablert tilbod og me har stort sett vore mellom 20 og 30 ungdommar kvar gong.

Dei har møtt opp rett etter skuletid, dei har vore med å laga mat, hatt aktivitetar og faglege input, dei har spelt spel og ikkje minst, berre vore saman.

Dette tilbodet har også vore knytt opp til det eksisterande leksehjelp tilbodet i kommunen, så det har vore ein flott arena for ungdommane å gjere leksene sine saman med andre, både med og utan hjelp. Det har vore eit veldig fint år saman med ungdommane! Dessverre er det slik at prosjektet er over, men ungdommane har gjeve sterkt uttrykk for at dei ynskjer å ha

ein slik arena å møtast på rett etter skuletid, der dei kan vere saman og ete eit varmt måltid sidan dette også har fungert som ein god ventestad mellom skule og aktivitetar på ettermiddagen.

Me inviterte politikarane i Luster kommune, oppveksteininga og ungdommens kommunestyre til ein open dag slik at dei kunne få sjå korleis me hadde det. Det har vore viktig for oss å vise fram betydinga av ein slik møtestad og verdien av eit slikt tilbod i kommunen. Det var ein politikar og to representantar frå ungdommens kommunestyre som møtte.

NAV Luster har hatt ein eigen miljøarbeidar som har vore med på å drifte TreffpUNGt og det er viktig med tanke på det førebyggjande perspektivet.

Miljøarbeidaren er også med i ungdomsteamet på NAV Luster der det er sett saman eit fagteam som skal jobbe for heilheitlege vurderingar med tanke på livssituasjon, utdanning og arbeid.

Ungdom under 30 år skal særskilt prioriterast då dei er i ein sårbar fase av livet. Det overordna målet skal vere at så mange ungdommar som mogeleg kjem inn i hensiktsmessige tiltak.

Ungdommar treng tidleg og tett oppfølging for å hindre lange periodar utanfor arbeidslivet.

Ungdomsinnsatsen skal sikre at unge ledige får raskare oppfølging frå NAV-kontoret for å komme i arbeid eller fullføre utdanning.

Dei trenger å bli møtt med respekt, og at veileदारar bryr seg og tek ungdommens behov og ynskjer på alvor.

NAV Luster skal bidra til at ungdommane får tilpassa aktivitetstilbod som mellom anna kan føre til betring i helsesituasjon, gi meistring, motivasjon og gode opplevingar.

Her er nokre glimt frå TreffpUNGt i året som har gått.





Flaggheising for Pride

Fredag 14. juni kl. 8.00 heiste ordførar Ivar Kvalen Pride-flagget på rådhusplassen med kring 50 personar rundt seg. Dagane 14. til 16. juni vart Pride markert her i Sogn og Fjordane for første gong, med eit stort arrangementet i Førde. Med denne flaggheisinga ville Luster kommune vere med å syne sin støtte for dette arrangementet.

NYE LUSTRINGAR



Kristin, Kari Jakoba og Torbjørn Rygg Haugland

Fortel litt om dykk sjølve

Hei, me heiter Kari Jakoba, Kristin og Torbjørn Rygg Haugland. Me flytta til Joranger i juli etter å ha budd mange år i Bergen. Kari er 3 år og går i barnehage på Indre Hafslo oppvekstsenter. Her trivst ho godt, Kari seier det er den kjekkaste barnehagen som finst. Torbjørn kjem frå Frekhaug, jobbar for OneSubsea hos LMI og Kristin kjem frå Joranger og jobbar for Safetec. Ho har kontor i næringshagen på Pyramiden.

På fritida er me glade i å gå på fjelltur (gjerne nye plassar), hjelpa til på garden til «besta og besten», hoppa på trampoline og å «råta oss».

Kvifor kom de til Luster?

Me kom til Luster fordi me hadde lyst på eit annleis år der me gjorde meir av dei tinga me syns er ordentleg kjekke. Me ville ha eit år der me var nærare både fjell og besteforeldre. Så syns me det var så kjekt her i Luster at me utvida opphaldet eit år til.

Kva er det beste med å bu i Luster?

Fin natur, kort veg til besteforeldre, meir tilhøyrighet enn ein har i ein by, og at det er viktig at alle bidrar.

Kva kan Luster bli betre på?

Me treng fleire folk i næringshagen på Pyramiden.

Ormelid

Stiftinga har dei to siste åra hatt fokus på restaurering av bygningane. I løpet av 2018 vart det sett i gang arbeid 4 bygningar. Både øvstestova, stabburet og Nilsa-stovo /vedahuset skal vera ferdig i løpet av sommaren. I tillegg startar ein også på mindre arbeid på steinstova.

Øvstestova – det står att å setja inn nye /nyrestaurerte vindaug i heile bygningen.

Stabburet – her manglar det torv på taket – elles er det ferdig og er klar til å takast i bruk att.

Nilsa-stovo / vedahuset. Før krigen var dette eit lite stovehus. Det vart så flytta inn i tunet og teke i bruk til vedahus. Bygningen vart demontert før jol og «Stokk og Stein» har restaurert det i byggehallen i Lom i vinter. Noko dårleg materiale er skifta, det vert sett inn nye vindaug. Den gamle døra er leita fram att og restaurert. Det vert lagt tregolv inne og i skotet vert det hellegolv. Det vert også lagt oppatt helletak. Fyrste veka i juni var sherpane der og restaurerte grunnmuren. Bygningen skal igjen takast i bruk til overnatting.

Selet på Nedstestølen: grunnmuren skal restaurerast i år
Steinstova: partiet ved inngangsdøra skal rettast opp og steinar fyllast inn der det manglar.

Kulturlandskapet

Kulturlandskapet i Ormelid er av nasjonal interesse. Dette gjeld både dei artsrike slåttengene og steingardar, bakkemurar, tufter, rydningsrøyser m.m. I Ormelid er det også viktige spor etter tidlegare tids verksemd i grunnen. Dette er førereformatoriske kulturminne som fortel historia

arbeidet går framover



Øvstestova ventar på «nye» vindauge.

I pinsen vart det for fyrste gong på ca 20 år igjen hesja i Ormelid.

så langt som 4500 år tilbake i tid. Stiftinga legg vekt på at slåtten skal oppretthaldast og ein vonar i løpet av nokre år å få inn beitedyr på garden. Etter kvart vert det også restaurering av steingardar og bakkemurar som har rasa ut.

Slåttedagar:

Stiftinga og vennelaget skal i år ha slåttedagar laurdag og søndag 3. – 4. august (sjå nærare kunngjering på Facebook, Vennelaget Ormelid Gard). Då vert det både ljåslått og hesjing. I år kan me også tilby overnatting for dei som treng det. Ta med sovepose og god arbeidslyst. Stiftinga og vennelaget held



mat. Dei som ikkje har prøvd seg på slikt arbeid før kan få opplæring.

Finansiering av arbeidet

Med dei store nasjonale kulturhistoriske verdiane som er knytt til Ormelid vert arbeidet finansiert med midlar frå ulikt hald. Riksantikvaren er sterkt inne på tilskot til restaurering av bygningane, Landbruksdirektoratet støttar opp i høve kulturlandskapet (Utvalde kulturlandskap i jordbruket) og

Miljødirektoratet støttar opp om slåtten og ivaretaking av dei artsrike slåttengene. I tillegg er private stiftingar Stiftinga UNI og Vestenfjeldske bykreditt viktige når det gjeld restaurering av bygningane. Også Luster kommune og Luster Sparebank har støtta opp om arbeidet. Ikkje minst er stiftinga takksame for den private gáva på kr 400 000,- til restaurering av selet på Nedstestølen. Gáva gjev det mogeleg å starta opp restaureringa i 2019.



Yvonne Avdal frå Årdal har vore instruktør for born som ynskje å læra å dansa ballett. I Fjordstova fekk publikum oppleva entusiasme og iver – alt på ein gong

Kulturdagane på Skjolden

Opninga av Kulturdagane på Skjolden vart føreteken av kultursjef Erling Bjørnetun, som også hadde fått æra av å dela ut den første «Skjolda-prisen». Juryen for denne prisen hadde lagt vekt på at: «Årets vinnar av Skjolda-prisen har vore svært oppteken av utviklinga på Skjolden... Prisen vinnaren har vore med i styret

både for Skjolden Aktiv og bygdalaget her på Skjolden frå starten av. Han har vore svært engasjert i at ungdommen skal trivast i bygda, og har bidrege med midlar til ungdomslaget og Huldreborgi. Han var også ein stor pådrivar og bidragsytar for at skulpturen til Katy Cassida – Jonsok-«monumentet» - kom på plass

på moloen ved badestrandi. Han var ein sterk pådrivar for bygging av Fjordstova, og stilte tomt til disposisjon for prosjektet. Han har vore bedriftsleiar på Skjolden i meir enn 25 år. Prisen vinnaren, Einar Galde, vart så kalla fram for å ta i mot ei flott blomsterhelsing og eit kunstverk måla av Signe Fortun Weka.



Sindre Steig, kjent ansikt frå opptreden i *The Voice*, kom direkte frå finalen på Fornebu til Skjolden Arena for å syngje for heimepublikum. Foto: Linda Watten.



Mesternes mester. Finale mellom Eirik Haukadal (t.v.) og Simen Weka. Foto: Linda Watten.



Vinnaren med sjekken, Simen Weka. Foto: Linda Watten.



«Skjolda-prisen» gikk i år til Einar Galde som her er flankert av leiaren i Skjolden bygdelag, Karlis Bremers (t.v.) og kultursjef Erling Bjørnetun.



Under arbeidet med utviding av parkeringsplass på Krossen

Nytt om veg og parkering

Parkeringsplass Krossen

Ny parkeringsplass på Krossen er klar til bruk (plassen er gruslagt etter at bilde vart tatt) På plassen er det plass til ca 30 bilar. Det vil bli vurdert å skilte camping forbudt på denne plassen.

I innkøyringa til parkeringsplassen er det tilrettelagt med snuplass for buss.

Tiltak på kommunale vegar 2019

Det vil bli utført sikringstiltak på to vegmurar, Melheim og Alme.

Bustadfelt som får ny asfalt i år er Sandvik Nord.

I Øyagata er det lagt fleire fartshumpar, og det er innført 40 km/t mellom ungdomshuset Soltun og gamle Røneid bru.



Øyagata har fått redusert fartsgrense og fleire fartshumpar.

Gaupne idrettshall

Arbeid på Gaupne idrettshall starta 20. mai

Hallen er no stengt og vert stengt til etter haustferien. I denne perioden skal gardero-bar, toalett, vaskesentral, instruktørgardero-bar, fellesareal, vaktmestarrrom, deler av tekniske anlegg, løfteplattform og belysning oppgraderast. Nytt tilbygg med eit ekstra sett gardero-bar og nytt teknisk rom skal byggjast i forlengelsen av dagens gardero-bar. Dette arbeidet vil gå parallellt med det andre, men vert også arbeida med utover vinteren. Hallen kan då brukast i haust og i vinter medan tilbygget og dei nye

tekniske anlegga vert ferdigstilte. Taket skal tilleggsisolerast med nytt taktekke. Nytt kombielastisk dekke i hallen vert det siste og avsluttande arbeidet i hallen etter 17. mai i 2020. Det vert då ein mindre stengeperiode før hallen kan opne igjen. Arkitektkontoret 4B AS og Norconsult AS står for prosjekteringa. Vestlandshus Sogn AS er hovuden-treprenør, Holen

Installasjon AS elektro, GK Inneklima AS ventilasjon, Bent Vikøren AS varme-og sanitær og TKS Heis AS leverer heis.



Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Luster kommune annonsert oppstart av planarbeidet med ny Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv med eigen handlingsplan for 2020 – 2023. Innspelfrist vart sett til 1. mai i år, og både kontakt møte med lokale lag og ikkje minst informasjonsmøte på rådhuset i april avdekkja ei stor interesse og engasjement i alle delar av kommunen. Oppsummert har det tilkomme planarbeidet om lag 100 innspel.

Den vidare planprosessen vil vera å utarbeide eit planframlegg med oppdatert handlingsprogram for komande 4-årsperiode 2020-2023. I gjeldande økonomiplan har kommunen budsjettert med kommunal del finansiering på 3 mill. kr. årleg. I tillegg kjem driftsbudsjettet sine tilskotsordningar til friluftslivstiltak, fysisk aktivitet og refusjon for drift og vedlikehald av anlegg.

Den samla verdien av innspelte tiltak er kome opp i ca 330 mill. kr. fordelt på ordinære idrettsanlegg kr 318 mill. og nærmiljøanlegg kr 11 mill.

Til ein planprosess høyrer også med offentleg utlegging og «høyring» på planframlegget før kommunestyret får saka til endeleg handsaming. Ein god plan er også ein viktig føresetnad for å få tildeling av spelemidlar. Desse midlane er eit overskot frå Norsk Tipping som vert fordelte etter eigen nøkkel utarbeida av Vestland fylkeskommune.



Luster idrettspark, også kjend som Gaupne stadion, har gjennomgått ei «forvandling» siste året, og då Lustranytt inspiserte anlegget fekk me eit inntrykk av korleis dette prosjektet vil bli. Dei første brukarane av kunstgrasbana med undervarme er allereie på plass, medan anlegga for fridrett løp og kast manglar den siste prikken over i'en. Eit kjempestort løft for idrettslaget, idretten i kommunen og ikkje minst brukarane og leiarane som no får topp moderne anlegg å utøva aktivitet på.

Ung scene vil bli leia av Magnus Solheim (bachelorgrad i musikk)

Ung Scene!

Ung Scene er eit nytt fritidstilbod i kommunen frå hausten 2019.

I haust startar det opp eit nytt fritidstilbod med fokus på musikk, kreativitet og meistring. Instrumentalundervisning og samspelundervisning er tilgjengeleg allereie gjennom kulturskulen og korpsa, men kommunen ønskjer no å tilby musikkundervisning der ungdommen sjølv legg ramma for korleis dei ynskjer å jobbe med musikken.

- Kanskje du ynskjer å lage din eigen musikk, men ikkje veit kvar du skal begynne.
- Kanskje du berre vil lære meir om musikken og korleis den fungerer.
- Kanskje ynskjer du å oppdage ny musikk, og prate med andre om den.
- Kanskje du har lyst til å prøve å spele dine favorittsongar med andre.
- Samspel, komponering, musikkproduksjon eller improvisasjon, det er opp til deg!

Ung Scene er eit gratis lågterskeltilbod der ungdommen får tilpassa undervisning til deira nivå og interesse. I tillegg til undervisning vil elevane også få ein moglegheit – dersom dei ynskjer




det - til å vise seg fram på ei lokal scene eller Ungdommens Kultur mønstring.

Nærmare informasjon om tid og stad kjem! Følg med på kommunen si facebook side.


Sportsbui- stipend

Fotballspelaren Andreas Kalstad, IL Bjørn, vart under Lustramarknaden tildelt Sportsbui sitt stipend for 2019. Det var Knut Magne Bukve som overrekte stipendet.





Luster kommune brukar Flintoe sitt «Ytre Kroken» som motiv på Luster kommune sin kulturpris.



200 år sidan Johannes Flintoe kom til ytre Kroken

Sommaren 2019 vil vera ei samling av fleire store kulturhistoriske markeringar i Luster kommune. Ei av desse markeringane er det solide fakta at det er 200 år sidan målareren Johannes Flintoe kom til Munthehuset for fyrste gong. Dette markerer starten på den nasjonalromantiske perioden i norsk målararkunst.

Medan dei fleste norske kunstnarane, i generasjonen hans, drog utanlands for å tena til livets opphald, gjorde Johannes Flintoe det motsette. Han var i 1811 komen frå Danmark for å etablere seg i Norge. Her vart han snart ein leiande skikkelse i den unge nasjonen sitt gryande kunstnarliv, mellom anna som ein aktiv deltakar i etableringa av nasjonale kunst- og kulturinstitusjonar og som lærar ved Teikneskulen i ein mannsalder.

Det var Flintoe som viste nordmennene vegen til det norske høg fjellet. Han føretok mange studiereiser fram og attende til Vestlandet, den første allereie i 1819. Desse turane ga studiemateriale til ein lang rekke storslagne prospekt, vide utsyn frå fjord og fjell. Desse måla han i gouache og presenterte i kosmoramautstillingar med stor illusjonistisk effekt. Det dramatiske frå Jotunheimen med utsikt mot dei tagga Hurrungane var opprinneleg tenkt brukt i kosmorama. Det vart første gong stilt ut i 1837. Medan prospekta hans vanlegvis tok utgangspunkt i eigne studie, brukte Flintoe i dette tilfellet geologen B.M. Keilhau si teikning av motivet som basis. Mellom dei mange teikningane Keilhau hadde utført på si oppdagingsferd til det indre av "Jotunfjellene" sommaren 1820, var "Hurrungene, sett frå ein topp i Koldedalen, 14.

juli 1820" den mest berømte. Allereie i 1822 gjorde Flintoe ei etsing etter motivet, som vart publisert i det nystifta Magazin for Naturvidenskaberne.

Flintoe hadde alle prospekta sine sjølv og tok dei med til København då han flytta tilbake til Danmark i 1850-åra. (Tekst: Fra "Høydepunkter. Kunst fra antikken til 1945", Nasjonalmuseet 2014 av Nils Messel)

Frå Luster kommune henta Johannes Flintoe mange motiv. Dei mest kjende vil vera Myrhorn frå ca. 1840 som m.a. heng på Slottet i Oslo og Fra Ytre Kroken, 1819 som kommunen nyttar som motiv i Kulturprisdiplomet. Fleire av desse motiva kan de og sjå og lesa om i Lokalhistorisk årbok for Luster, nr. 3.



KULTURARV LUSTRAFJORDEN

Kulturarv Lustrafjorden

Sommaren 1819 kom målaren Johannes Flintoe til Luster og Munthehuset for fyrste gong. Lite visste dei den gongen at dette skulle danna opptakten til perioden som seinare er blitt kalla Nasjonalromantikken. Landskapet her inne skulle verta viktig for Flintoe og seinare nasjonalromantikarar som I.C. Dahl, Tidemand, Gude, Kaufmann og fleire til. Til og med slottsarkitekt Linstow henta inspirasjon frå landskapet her. Ludvig Wittgenstein vart hundre år seinare også bergteken av roen og naturen i sognebygdene, om enn med ein meir litterær og filosofisk innfallsvinkel. No er tenkehytta hans flytta attende til «Austerrike», den vesle fjellhylla over Eidsvatnet. Og så er det i år 40 år sidan Urnes stavkyrkje vart innlemma i Unesco si verdsarvliste, som ein av dei fyrste i Noreg på denne prestisjetunge lista.

Desse markeringane er samla under overskrifta Kulturarv

Lustrafjorden. I Skjolden har det vore offisiell opning av huset til Wittgenstein, filosofiseminar og kunstvandring og på Urnes er det blitt presentert ny kunnskap om verdsarvkyrkja. Munthehuset har i samband med markeringane hatt ein formidabel utstilling av nasjonalromantisk kunst. I og med at Nasjonalmuseet i Oslo held stengt fram til opninga i 2020, er utstillinga i Luster den største i Norge denne sommaren, alt utlånt av museumseigar og kunstsamlar Pål Sagen. Namnet på utstillinga, Oppdaginga

av Sogn - eit kunstnarleg eventyr, viser med all muleg tyngde kva Kroken og Luster har betydd for kunsten og nasjonsbygginga i åra etter 1814. I Prestegarden i Luster har også nasjonalromantikken blitt lyfta fram, og i utstillinga Vandring har publikum fått sjå korleis Marianne Heske sine videoprint og Tiril Schrøder sine finurlege tolkingar av Johannes Flintoe sine draktakvarellar har ført kulturarven vidare. Med andre ord blomstrar Kulturkommunen Luster som aldri før.



*Rodolfo Nava under jazzkonserten i Munthehuset 15. juni.
Foto: Marit Kvalen*

Biblioteknytt

Litt frå aktiviteten våren 2019

Bokåret med arrangement

Bokåret er ei nasjonal feiring av boka, lesing og lesarane, som varer heile 2019. Det er 500 år sidan dei to fyrste norske bøkene blei trykte. Det er ei enorm leseglede i det norske folk og fleire bruker biblioteka enn nokon gong! Luster bibliotek markerte Bokårstart med laurdagsbarne-time tidleg i januar, og har utover våren hatt tilbod om formidling på nynorsk til dei yngste bibliotekbrukarane kvar siste onsdag i månaden. Gaupne barnehage har vore den største brukaren av tilbodet, men også barn og foreldre som har heimedag på onsdagar har møtt. Tilbodet om besøk av lesegledearen har også vore nytta av andre barnehagar i kommunen.



Ein god formidlar har mange ansiktsuttrykk. Lese-gledar Dag Tore Dysvik formidlar til barn og vaksne i utebarnetimen ved Hanaskjeren i slutten av mai.



«Tett på» med Marta Norheim

Sju bibliotek i Sogn, har fått prosjektmidlar, kr 200.000, frå Nasjonalbiblioteket til å markere Bokåret med relevante program i 2019. Først ut i arrangementssamarbeidet var litteraturvitar Marta Norheim frå NRK. Ho formidla tendensar i den nyaste litteraturen. Det er ikkje sant at forfatarane berre skriv om seg sjølv; det er ei medieskapt sak med fokus på nokre få enkeltpersonar, sa Marta Norheim. Det er ei enorm bredde i tematikken som skrivast no. Framfor alt er det mange ferske historiske romanar med handling spreidd utover eit vidt geografisk område, kor globalt ansvar og verdsflukt blir sett i fokus.

Ønskediktet

Skjemt og alvor av "leg og lærd" akkompagnert av Helene Myklemyr Bolstad på trekkspel.

I februar inviterte biblioteket eit knippe gode folk til å framføre dikt på vegne av seg sjølv eller formidle innkomne ønskje frå andre. Dette blei det mest besøkte arrangementet denne sesongen. Med gode tilbakemeldingar på denne eineståande formidlinga, vil biblioteket gjenta konseptet med «Ønskediktet – Jul» i slutten av november. Her vil tematikken vere konsentrert rundt tekstar som vekker minne i samband med julehøgtida.



Diktlesarane: Finn Skare, Helene Myklemyr Bolstad, Gunvor Nærø, Dagfinn Hovland, Kristin Vee, Ellen Borch Veum, Oddlaug Molland og Geir Paulsen.



Jern-Jenny (foto: Årdal bibliotek)

«Jern Jenny og dei makalause mutrane»

Biblioteka i Sogn fekk i 2018 prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket til arrangementspakka «Nynorsk møterom». Siste program ut var bestillingsverk og storsatsing «Jern-Jenny og dei makalause mutrane», ei teaterframsyning for barn og familie. Ho blei synt i biblioteket i mars. Tema er einsemd og venskap og er inspirert av «Tre nøtter til Askepott». Regi og manus er ved Ellen Harrison, som har vore tilsett på Årdal bibliotek som arrangementsansvarleg. Ho er mellom anna utdanna skodespelar. I teatertrioen var også skodespelarane Håkon Christensen og Ragnhild Kleppe. Teaterframsyninga blei svært godt motteke i Sogne-biblioteka, og er søkt eit vidare liv i Den kulturelle skulesekken.

«Kyss Hverdagen» med Marthe Holien Bø

Svært hyggelig møte med dyktige Marthe Holien Bø i laurdagsforedraget og boka "Kyss hverdagen", som er ei kombinert livsstils- og kokebok. Her kom gode råd om korleis gjere kvardagen enklare for dei som opplever tidsklemma. Fleire yngre folk, enn det som er vanleg å sjå på biblioteket sine arrangement, var interesserte tilhørarar, men også den eldre garde ga uttrykk for at dette var både hyggjeleg og nyttig. Mange av dei godt vaksne nytta også høvet til å bestille boka som gåve til sine vaksne barn eller svigerbarn.



«Rikets stillstand»

Svært hyggelig møte med dyktige Marthe Holien Det blei både latter og alvor ein torsdagskveld i april, da ein litt annleis «doktor» sette fokus på endring i rollene generasjonar i mellom. Tor Arne Johnsen er kjent for mange som ein satiriskar og underhaldar, bl.a. i rolla som førsteamanuensis dr. Gunnar Pensum. Han har i ei årrekke vore ein sentral bidragsytar til ei rekke store NRK-suksessar på radio, som «Hallo i uken».

Tor Arne Johnsen med satire og alvor om Noreg i dag.

Prosjektmidlar 2019/2020 til styrking av skulebibliotek

Luster kommune har fått kr 380.000 frå Undervisningsdirektoratet til utvikling av skulebibliotek. Pengane skal blant anna gå til kompetanseutvikling innan lesing og litter-

aturformidling, med særleg fokus på barn med leseutfordringar. Det vil også bli arbeidd med etablering av skulebibliotek ved Luster ungdomsskule m.v.



Frå Skjolden oppvekstbibliotek 2016

Prosjekt "Sitteunderlag til Dagsturhytta"

Prosjekt "Sitteunderlag til Dagsturhytta"

Etter kvart som dagsturhyttene i Sogn og Fjordane har reist seg, har folk engasjert seg for at det skal vere behageleg og hyggeleg å ta ei kvilestund innandørs. Hyttene er utan varme, og på kalde dagar er det godt å ha noko varmt å sitte på. Tidleg i vår inviterte biblioteket, i samarbeid med Luster Turlag og Luster Husflidslag, til handarbeidsdugnad for å få laga sitteunderlag til dagsturhytta Eikjabu. Det kom inn 16 bidrag i konkurransen og eitt der avsendar var inhabil til å delta som konkurrent. Tusen takk til juryen, Inger Ebbesen og Kari Lavoll frå Luster Husflidslag, som gjorde ei særskild grundig vurdering av handarbeidet. Dei opplyser at dette var ein vanskeleg jobb, berre 1.prisvinnaren skilte seg klart ut.



Inger Ebbesen frå Luster Husflidslag, Ole Schanke Eikum frå Luster Turlag og Ellen Borch Veum, Luster bibliotek, viser fram vinnarprodukt. Frå venstre: 1.pris: Henny Eikum Roterud, 3.pris: Marta Marie Bukve, 2.pris: Guri England. Premie er gavekort og plante. Fire ekstrapriser gjekk til: Tove Molland, Bjørg Molland, Ingeborg Flaten og Laila Årøy som fekk kvar sin stau.



Jubileum og offisiell opning

Det var god stemning og vel 150 framfmøtte på den offisielle opninga av Friskhuset og markeringa av 15-årsjubileet til Luster Treningssenter 24. mai. Yngvar Andersen fekk publikum opp av stolen.

På den raude løparen ved den offisielle opninga av Friskhuset. Ordførar Ivar Kvalen, dagleig leiar ved Luster Treningssenter Jori Skorve, trenar og motivator Yngvar Andersen, Marita Kveane frå Luster treningssenter, underhaldarane Andrea Årøy, Bjørn Tore Årøy og Einar Bolstad.





Avery Dennison NTP – "Årets bedrift 2019"

For 29. gong delte Luster kommune ut prisen "Årets bedrift i Luster" under Lustramarknaden. Ordførar Ivar Kvalen stod for overrekkinga av prisen som næringsutvalet tildeler:

- I år 2019 går prisen til eit godt etablert foretak. Det er ei verksemd som er vorte ei hjørnesteinbedrift i Luster kommune. Det er ei bedrift som har vore kåra til Årets bedrift før, i 1994, sa ordføraren og presenterte Avery Dennison NTP som årets bedrift 2019.

Tom Dyrdal kom på scena og ordføraren fortalde vidare kvifor NTP har fått denne utmerkinga: - Norsk transferproduksjon eller NTP vart skipa i 1988. Det var gründeren Atle Gandrudbakken som sto bakom etableringa av NTP og var leiar til 2013. NTP har heile tida hatt sitt forretningsområde innafor utvikling og produksjon av transfers, det vil seie merker som vert limt på

tekstilar. NTP hadde ein stabil vekst gjennom 90-talet, og hadde ca 40 tilsette ved årtusenskiftet. Så i 2002 vart selskapet kjøpt av det amerikanske konsernet Paxar. Veksten og utviklinga heldt fram og i 2007 vart det store amerikabaserte internasjonale selskapet Avery Dennison eigar. Frå 2015 har Tom Dyrdal vore dagleg leiar.

Utviklinga ved NTP har vore stor dei siste åra. I 2002 var omsetninga 40 mill kroner, i 2018 var omsetninga vel 180 millionar, og budsjettet for 2019 er over 200 millionar. Selskapet har og hatt store overskot dei siste åra. I 2010 produserte NTP mellom 9 og 10 millionar merke, i 2019 vil produksjonen nærme seg 30 millionar merke.

Det er no vel 140 årsverk ved NTP og nett no i desse dagar er 170 personar på lønningslista.

NTP er ei internasjonal bedrift.

Det er internasjonale eigarar, ca. 50% av produksjonen går til utanlandske marknader og nett no har selskapet ca 40 medarbeiderar frå utlandet frå 14 ulike nasjonar. Mange av dei utanlandske tilsette har spesiell kompetanse som er vesentleg for NTP. Mange av desse har vore ved bedrifta over lengre tid. NTP har og hatt eit godt fokus på å integrere og ta vare på dei utanlandske arbeidstakarane. Dei har og hatt fleire flyktningar i jobb i verksemda.

Dei siste åra har det vore ei stor satsing på teknologiutvikling og digitalisering. Det har vore investert over 50 millionar kroner i maskiner og utstyr i 2017 og 2018. Det vert og årleg nytta opp mot 10 mill. kroner årleg i innovasjon og prosessutvikling. NTP i Gaupne er ein av tre utviklingscenter i konsernet på verdsbasis, dei to andre er i Italia og Kina.

Målprisen 2019 til Jostedal Hotell

Leiaren i Luster Mållag, Oddmund L Hoel, informerte om målprisen på Lustramarknaden:

- Luster mållag har i dag gleda av å dele ut Målprisen for 15. gong. Prisen skal gå til verksemder, institusjonar, organisasjonar eller personar med tilknytning til Luster som gjer eit framifrå arbeid for å fremja god nynorsk og dialekt. Jury for prisen er styret i Luster mållag.

Målprisen for 2019 går til Jostedal Hotell.

Jostedal Hotell, og Solvang Kafé og Pensjonat som namnet var før, kunne ha fått ein målpris kvar dag det har vore drift der, men det skulle gå 68 år før det skjedde. I 1976 tok Laila Gjerde over, utvida i fleire omgangar og oppgraderte til hotellstandard for snart 20 år sidan, men den språklege standarden har alltid lege fast. Gjester frå alle delar av Noreg, Norden og andre verdshjørne møter ein stødig og konsekvent bruk av nynorsk og eit like stødig jostedalsmål bak disken. Det kan knapt

tenkjast ein betre ambassadør for nynorsk og dialekt enn den lystige og venlege Laila.

Jostedal Hotell og Laila har både vorte Årets bedrift og fått Bygdeutviklingsprisen til fylket, som speglar to viktige ting: Det er både eit solid forretningstiltak og ein sær viktig institusjon for bygda, som held heilårsope og er bygdefolket sin faste møteplass. Me kan lett rekne det som sjølvsagt at eit familieeigd bygdehotell nyttar nynorsk, men då undervurderer me kva det har å seie. Verksemder som brukar nynorsk som noko heilt sjølvsagt, utan å gjere noko nummer av det, viser både gjestane og ikkje minst alle som bur og veks opp her at det er det samfunnsberande språket. Det er gull verdt for eit språk som dominerer lokalt, men som nasjonalt må kjempe for status og livsrom.

Prisen er som før eit foto frå fjellheimen vår, teke av Frank Smedegård.

Til lukke med Målprisen 2019!



Laila Gjerde på hotelltrappa med målprisen for 2019. Foto: Oddmund L. Hoel.

Eksporsten har auka. Det vert levert merke til mange land, men dei store europeiske landa er viktigaste eksportområdet. Viktigaste området er merke til sportstøy og arbeidstøy. Det at NTP er så internasjonal, gjer at verksemda er ein attraktiv arbeidsplass.

Dei siste åra er det store kontraktar med fotball-klubbar som har gjort NTP mest kjend. I 2014 fekk dei Barcelona som kunde. No i 2019 vann dei den mest prestisjefulle kontrakten

i fotballverda, merker til Premier League. Det er den største kontrakten innan sportstøy og skapar stor interesse for NTP over alt i verda. Denne kontrakten stadfestar at NTP lagar verdas beste transfers. Dette betyr og at det vert arbeid skift på NTP utan stopp døgnnet rundt, seks dagar i veka.

Til slutt: NTP er ei svært viktig bedrift i Luster kommune. NTP og leiinga der har greidd å utvikle ein god og innovativ kultur i bedrifta. NTP er også ei bedrift

som dei tilsette er stolte av. NTP er og med og set Luster kommune på kartet. Lukke til vidare med utviklinga av bedrifta og nye kontraktar.

Tom Dyrdal takka

- Tusen takk for prisen. Eg kan fortelje at det er veldig moro å driva ei bedrift der ingen skulle tru at nokon kunne driva slik produksjon. Eg trur det skapar mykje entusiasme, og så veit eg at det er mange NTP-arar som skal feira denne prisen i kveld, på Lustrabalder!

Lustramarknaden 2019

Gaupne helselag hadde plassert standen sin utanfor rådhuset med fokus på sukkerinnhold i ulike drikkevarer.



Ugandaprojektet til Bjørn Skovly og Leidulf Kvam. Med små summer hjelper dei utruleg mange vanskelegstilte born i Kampala.



Det norske hageselskap hadde plassert seg under overbygget til Prix. Informerte og selde spennende planter.



Luster Husflidslag har alltid mykje spennande å syne fram, m.a. grindvev og plantefarga garn.

Røde Kors Luster vart ekstra raude under det raude teltet sitt, og selde lodd for ferie for alle.



Til hausten er det kommuneval, og fire av partia starta valkampen på Lustramarknaden.

Kristine Veum hadde kome heilt frå Tromsø for å presentere bedrifta si, Kskjørt.



Luster Sparebank delte ut gratislodd, ein kopp kaffi kunne du også få

Luster Treningssenter med tre spenstige damer utanfor helsesenteret.



Utanfor inngangen til rådhuset hadde Servicetorget plassert seg saman med «Kommune-Kari» og «Friskus» - digital aktivitetsskalendar.



Mykje god mat, og «Ellevilt» smilte breitt

Premieutdeling etter motbakkeløpet Molden Opp foregikk i rådhusparken. Vinnar av herreklassen vart Joel Dyrhovden.



Molden Opp. Vinnar av beste «store» skule vart Gaupne skule.





I rådhusparken opptredde også artisten Ruben Markussen frå Harstad med flott song.



Mykje folk. Det flotte veret laurdag trekte utruleg mykje folk. Forhåpentleg vis nytta mange seg av dei gode tilboda dei handlande hadde, medan andre berre storkosa seg.



Premieutdelinga frå Molden Opp og ymse prisutdelingar samla mykje folk i rådhusparken.



Om det var litt gråare ver om søndagen, var det likevel mange som nytta denne dagen på Lustramarknaden sin andre dag. Mykje folk under frukosten på Pyramiden, og ikkje minst trekte Vennebyen med Apa, Ted og Elfie mange born og vaksne til rådhusparken under showet sitt.



Lustrabalder. Adelen begeistra publikum.



Lustrabalder trekte mykje folk. Om lag 2300 deltok i løpet av helga. Stor stemning då Ruben var på scena.

Hovland og Tønnes redda kvelden på Jostedal hotell

Ragnar Hovland kjenner me nokså godt, han har hatt deler av oppveksten sin i Luster kommune i Prestegarden i Dale.

Hovland er i fylgje litteraturkunnige: «ei av dei mest særeigne stemmene i norsk litteratur». Hovland er slik me ser det ein sentimental kynikar, regntung gjøglar og ein allroundvestlending, men fyrst og fremst ein prisløna forfattar. Dessutan, Ragnar Hovland er musikalsk.

Tønnes er litt yngre; låtskrivar, songar og gitarist. Han kjem frå det aller sørlegaste Rogaland og skriv og snakkar dialekta si. Tønnes skriv humoristisk og underfundig om store og små ting. Tønnes har gjeve ut mange plater og fått mange prisar. Tønnes seier at måten han tilnærmar seg ulike tema er påverka av plassen der han har arbeidd og bygda han bur i.



Desse to karane underheldt fullsett sal på Jostedal hotell fredag før påske. Fin song, litt alvor, men mest utruleg morosamt.

Ragnar Hovland og Frank «Tønnes» Tønnesen

Jostedal bygdelag

Sindre Steig satsar vidare etter The Voice


Opplevinga i The Voice har vert heilt fantastisk. Eg har møtt mange fantastiske songarar, eit fantastisk team og ikkje minst mentorane, fortel Sindre til Lustranytt. – Eg trudde aldri tidligare at eg kom til å melde meg på eit program som The Voice nokon gong, men eg er utruleg glad for at eg gjorde det. Har lært so mykje gjennom denne reisa vokalmessig og berre det å stå på ei scene og finne roen under kvar framføring. Så alt i alt har dette vore eit av dei største åra mine nokon gong med tanke på å komme eit steg nærmare draumen.

Eg rauk ut i starten av mai og merka fort at det var rart å berre plutseleg gå ut av den bobla som eg hadde vore i sidan u haust. Eg kom jo til Livesendingane og var veldig fornøgd med det. Etter er rauk ut måtte eg berre ha litt tid på å komme meg inn i kvardagen igjen med eksamenar. No er eg snart ferdig med mitt første år i Oslo på Låtskriving og Produksjon. Etter dette blir målet å berre bygge meir og meir på det eg har fått ut av reisa i The Voice. Planen blir i første omgang eit singelslipp og deretter mi første plate, når den er klar. Eg skal satse alt eg har framover på å lukkast som låtskrivar og artist.

Me heiar på deg vidare, Sindre.



Returadresse:
Luster kommune,
Rådhusvegen 1
N-6868 Gaupne
Noreg/Norway



Breheimsenteret:

1. mai – 20. juni: kl. 10:00 – 17:00.
21. juni-25.august: kl. 09:00 – 18:00.
26. aug. – 30. sept.: kl. 10:00 – 17:00.

Lustrabadet:

25. juni – 20. august:
Måndag/onsdag/fredag kl. 10:00 – 19:00.
Tysdag/torsdag/laurdag/søndag kl. 10:00 – 17:00

Skjolden Hotel:

Ope heile dagen. Stenger september/oktober avhengig av besøkande.
Felles tlf. 99 23 15 00.

Opningstider i sommar

Biblioteket

Sommartid 25.juni - 2.september:
tysdag-fredag kl. 10:00-15:00
laurdag kl. 11:00-14 :00

Rådhuset:

Måndag 9:00-15:00
Tysdag 9:00-15:00
Torsdag 8:00-15:30
Fredag 9:00-15:00

Ring gjerne og avtal besøkstid hjå sakshandsamar.

Legekontoret, tlf. 57 68 56 00

Ekspedisjon/tlf.tid: kl. 08:00 – 14.30
Laboratorium: kl. 08:30 – 13:30
Legevakt utanom telefontid: tlf. 116117

Miljøstasjonen Gaupne 1. mai – 1. september

Måndagar kl. 09:00 – 14:00
Onsdagar kl. 12:00 – 19:00



Opningstider i sommar

25.juni – 18.august
Måndag, onsdag, fredag: 10.00 – 19.30
Tysdag, torsdag: 10.00 – 17.00
Laurdag, søndag: 10.00 – 17.00

Nye babysymjingskurs startar opp 4 september 2019.

Gå inn på nettsida til Lustrabadet for meir informasjon



LUSTRAnytt

Nr. 1 - 2019

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukehuset Førde. Redaksjonen avslutta 17. juni 2019.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun
Redaksjonen er lagt til Servicetorget v/leiar Anita Bjørk Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen. Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:

Redaksjonen si adresse: Luster kommune, Lustranytt, Rådhusvegen 1, 6868 Gaupne.
Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01
E-post: postmottak@luster.kommune.no
Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
Tlf. 57 65 60 05

Framsidedfoto: *Ordførar Ivar Kvalen overrekker prisen for Årets bedrift til Avery Dennison NTP ved Tom Dyrdal. Foto: Anita Bjørk Ruud.*

Viktige telefonnummer

Helsesenteret/Lege i kontortida Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsesenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT Tlf. 116 117
TANNLEGEN i Nesgården Tlf. 57 65 63 90
KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP Mob. 48 10 21 20
(Veg/vatn/kloakk).
NAV Luster Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann Tlf. 110
Vakthavande brannbefal Mob.: 41 65 94 40
Politi/Lensmann Tlf. 112
Ambulanse Tlf. 113

